



Fedje kommune

Innkalling av Kontrollutvalet

Møtedato: 02.06.2022
Møtestad:
Møtetid: 09:00 - 13:00

Eventuelle forfall/ugildskap vert meldt til leiar i utvalet, med kopi til per tlf. , sms til eller per epost til

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
002/22	Fedje kontrollutval - Innkalling, saksframlegg og sakspapir til møtet 2. juni 2022

2. juni 2022

Rune Midtun Borgerød
møteleiar

sekretær



21 /22 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2021

Saksvedlegg som ligg ved utsending av saksframlegg:

Årsmelding – rekneskap 2021, Fedje kommune

Saksvedlegg som vert presentert i møtet:

Framlegg til uttale, Sekretariatet

Revisjonsmelding 2021, Vestlandsrevisjon IKS

Rapport om årsrekneskapen, Vestlandsrevisjon IKS

SAKSOPPLYSNINGAR

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, medrekna å vedta årsrekneskap og årsmelding, jfr. kommunelova § 14-2. Årsrekneskapen sin funksjon er å gjere greie for inntekter og bruken av midlane som kommunen har til disposisjon, og må sjåast i samanheng med kommunen si årsmelding. Desse er nokon av dei viktigaste dokumenta ein kommune lagar i løpet av året. Årsrekneskapen skal innehalda driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar.

Detaljeringsgrada og presentasjonsforma for årsrekneskapen og årsmeldinga er i stor grad opp til kommunen sjølv å avgjera, men årsrekneskapen skal vise rekneskapstal på samme detaljnivå som i årsbudsjettet. Kommunelova § 14-6 viser korleis kommunar skal utarbeida årsrekneskap, og § 14-7 omtalar kva som er lovpålagt å ha med i årsmeldinga.

Kommunelova §14-6 og 14-7 seier også at årsrekneskapen og årsmeldinga skal leverast innan høvesvis 22.02. og 31.03. Fristen for revisjonsmelding er sett til 15.04 (19.04. i 2022 p.g.a. påske). Kommunen leverte ikkje rekneskapen og årsmeldinga innan tidsfristane, og revisor gav difor negativ revisjonsmelding ved fristen for å avlegga revisjonsmelding (19.04.2022).

Kommunestyret må handsama årsrekneskap og årsmelding innan 30.06. Etter forskrift om kontrollutval og revisjon, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak.

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 23-2 a) sjå til at kommunen sitt rekneskap vert revidert på ein forsvarleg måte. Revisor sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon vert omtala nærare i kommunelova kapittel 24, og seier mellom anna at revisor skal vurdere om årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrift.

Kontrollutvalet skal vidare sjå til at dei punkta rekneskapsrevisor peikar på vert retta eller følgt opp, jf. § 3.

Vurdering

Kontrollutvalet si oppgåve er å uttale seg kortfatta om årsrekneskapen er revidert på forsvarleg måte, utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk samt kontrollutvalet sine

eventuelle instruksar og avtalar med revisor. I tillegg at årsmeldinga omtalar dei forhold lova krev.

Dato: 01.06.2022 - Sakshandamar: Trude Bruket - e-post: trude.bruket@regionnordhordland.no

Fedje kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Region Nordhordland IKS



Sekretariatet viser til at kommunen har vore sein med å levere rekneskapen og årsmeldinga, og at revisjonsprosessen difor ikkje er ferdigstilt per utsending av sakspapir kvelden før møtet. Endeleg rekneskap og årsmelding, som lagt ved sakspapira er avlagt av rådmannen 31.05.2022, med ei justering av dokumentet 01.06.2022, og i hende kontrolluvalssekretariatet seint 01.06.2022.

Årsrekneskapen og årsmeldinga er på tidspunktet for utsending av sakspapir ikkje ferdig gjennomgått av revisjonen. Det føreligg ved tidspunkt for utsending av sakspapir (tidleg kveld 01.06.2022) difor ikkje ei ny revisjonsmelding som erstattar den negative. Det må difor takast atterhald med omsyn til om vedlagde årsmelding – årsrekneskap 2021 for Fedje kommune er korrekte i høve lov og forskrift. Men det har vore dialog mellom kommunen og revisjonen gjennom våren med føremål om å oppnå eit årsrekneskap og ei årsmelding utan vesentlege feil. Sekretariatet er kjent med at prosessen med å rette opp i dei feil og manglar som revisjonen har peika på har teke tid.

På grunn av den korte sakshandsamingstida, og at revisjonen ikkje er ferdigstilt, er det ikkje forsvarleg at sekretariatet vurderer og uttalar seg om presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar i saman med årsmeldinga tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov og følj lov og forskrift, eller om dei ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 14-7 c- f er omtalt i årsmeldinga på ein tilfredsstillande måte. Av same grunn vert ikkje framlegg til uttale ferdigstilt før revisor sitt arbeid er ferdig. Sekretariatet er informert om at revisor arbeider utover kvelden med mål om å ferdigstille sitt arbeid før møtestart 02.06.2022. Det vert likevel vurdert som det mest hensiktsmessige – gitt dei forseinkingane som har oppstått på grunn av sein leveranse frå kommunen – å sende ut årsmelding og årsrekneskap før revisjonen er ferdigstilt.

Sekretariatet anbefaler kontrollutvalet å gjere ei vurdering i møtet om dei kan handsame saka. Dersom revisor legg fram ei revisjonsmelding i møtet som tilseier at rekneskapen kan godkjennast anbefaler sekretariatet at saka vert handsama, på tross av at kontrollutvalet har fått for lite tid til å førebu seg til saka. Om kontrollutvalet utset saka kan det hende at formannskapet og eventuelt kommunestyret må setje opp ekstra møte for å handsame saka innan fristen 30.6.

Kontrollutvalet bør drøfte nøye kva uttalen frå kontrollutvalet bør innehalda. Framlegg til uttale vert, på grunn av den nemnde situasjonen, lagt fram i møtet.

Den vedtekne uttalen vert vidaresendt til formannskapet og kommunestyret.

Administrasjonen vil i møtet legge fram årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 og revisor gjennomgår revisjonsmeldinga og rapporten om årsrekneskapen 2021.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2021, som ferdigstilt i møtet.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Dato: 01.06.2022 - Sakshandamar: Trude Bruket - e-post: trude.bruket@regionnordhordland.no

2021

Årsmelding - Rekneskap

31.05.2022.

Fedje kommune

Innhald

Innleiing.....	2
Nokre glimt frå året som har gått:	4
Organisasjon og planar.....	9
Folkevalde.....	10
Interkommunal deltaking – oversyn	11
Økonomi.....	13
Investeringar.....	17
Tenester.....	19
Ansvar 1000 Rådmann.....	19
Om ansvaret samla:.....	19
Om enkelte av tenestene:	19
Ansvar 1100 Kultur	26
Om ansvaret samla:.....	26
Om enkelte av tenestene:	27
Ansvar 2000 Levekår, førebygging og helse	30
Samla om ansvaret:	30
Om enkelte av tenestene:	30
Ansvar 2100 Skule.....	34
Om ansvaret samla:.....	34
Om enkelte av tenestene:	34
Ansvar 2200 Barnehage.....	40
Ansvar 2300 Pleie og omsorg	42
Om ansvaret samla:.....	42
Om enkelte av tenestene:	42
Ansvar 2500 Legetenester	47
Ansvar 2600 Sosiale tenester	48
Om ansvaret samla:.....	48
Om enkelte av tenestene:	48
Ansvar 3000 Teknisk kontor	50
Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg.....	51
Beredskap – korona. Koronarekneskap	53
Likestilling, diskriminering og sjukefråvær	53

Innleiing

Året 2021 vart i stor grad prega av korona. Fedje hadde ikkje mange smittetilfelle i løpet av året. Det er først no i skrivande stund, i 2022, det har vorte ein sterk auke i smitten blant innbyggerane. Neste årsmelding vil nok omtale det.


Sjølv om det har vore lite smitte lokalt, har innbyggerane måtte fylgje dei sentrale smittevernråda. Dette har ført til mindre sosial kontakt og bruk av munnbind. Sentrale forordningar hindra, som i 2020, også i 2021 sentrale sosiale tilbod som Hjartebanken, Gubbekafè, symjebasseng og organisert trening.

I 2021 enda rekneskapan med eit negativt netto driftsresultat på 2,163 mill kr. Ein måtte nytta midlar frå fond for å kome i balanse.


Fedje kommune har likevel ein relativ «sunn» økonomi. Midlar til drift i kommunen er knapp, men kommunen har berre ca. 31 million kr i lån og ca. 16 million kr i samla fondsavsetjingar.

Folketalet i kommunen har gått sakte ned også i 2021. Ved årsskiftet har SSB registrert 502 innbyggerar. Det er ein nedgang på 3 i løpet av året.

Ser vi på aldersfordelinga blant innbyggerane, har SSB registrert det slik i diagrammet under. Grøne søyler til venstre er menn, svarte søyler til høgre er kvinner.



Hva innbyggerne jobber med



Kilde:

Syssetting, registerbasert, Statistisk sentralbyrå

Diagrammet oven for viser kva yrke innbyggerane i Fedje har.

Breiband-utbygging

Når det gjeld utbygging av breiband i Vestland fylke, er Fedje einaste kommunen i Nordhordland det vert rekna med 100 % dekning. Av dei med like stor dekning, ligg tre i Sunnhordland og to i Sogn.

I koronaåret 2021 har saka om ubåten U-864 igjen vorte aktualisert. Ekspertutvalet hadde ein første frist til 1. november 2021 for å kome med sin rapport og tilråding. Seinare vart denne fristen utsett til 1. juli 2022. Utvalet var på vitjing til Fedje i haust og fekk innspel frå andre ekspertar og ikkje minst lokalbefolkninga.

På grunn av pandemien, har den digitale utviklinga skote fart. Bruk av Teams til videomøte har vorte eit fast innslag for mange. Også for dei ulike administrative gruppene i Fedje kommune. I tillegg har Statsforvaltaren kome med tilbod om slike digitale møte. Vi erfarer at slike møte er både tidssparande og vi sparer kostnad med reiser. Det er nok ei utvikling som er kome for å bli i stor grad. Likevel er vi menneske eit sosialt «dyr» som også vil møte folk ansikt til ansikt av og til.


Olav Mongstad

Kommunedirektør


Nokre glimt frå året som har gått:



Januar kom med ein spektakulær lekkasje på vassleidningsnettet, medan **februar** var tida for å skifte filter på vassverket – med litt uortodokse hjelpemiddel.



Flinke ungdomsskuleelevar sette opp musikalen «Rødhette og den store ulven» i **april** med alle nødvendige koronarestriksjonar.



Feiringa av 17.mai var også i 2021 sterkt prega av pandemien, med bilkortesjetog på sjølve dagen. Men rosarussen hadde sitt eige tog 14.mai.



I juni var det noko for ein kvar på Fedje; med både eldremarsj og halvmaraton.





I **august** vart mellomtrinnet på Fedje best i heile landet i Sommarleskampanjen til biblioteket. Ein glad vinnar vart trukke ved loddtrekning.



I **september** kom bokbussen på besøk i barnehagen. Dei fekk og besøke brannstasjonen, der brannmann Pål sjølvsagt vart den nye helten.

På sjukeheimen sykla og sykla bebruarane, og deltok i virtuelt Sykkel-VM for eldre. Dei kom på 77.plass i **oktober** og har til saman sykla 2800 km. Det vart behørig feira – men dei sykklar vidare for å slå Nordliheimen neste år.



Politiet gjorde ungane i barnehagen litt mållauss i **november**. Det er sjeldent!

I **desember** vart det igjen peparkakeby på sjukeheimen.



Gjennom heile året har vaksinegjengen jobba hardt for å halde Fedje friske under pandemien




Organisasjon og planar

PLANAR

Reguleringsplan Koppersevja.

Denne planen har det vorte arbeidd vidare med i 2021. I desember var det igjen eit møte hos Statsforvaltaren. Etter møtet sende Statsforvaltaren motsegn mot planen. På nyåret i 2022 har dette vorte arbeidd med og planen vert lagt fram til offentleg ettersyn i løpet av 2022.

Organisasjonskartet i organisasjonen:



I ein liten organisasjon er det viktig med formelle møteplassar der ein både får utveksling av saksopplysningar og føler seg som ein del av eit større fellesskap. Rådmannen har derfor organisert dei tilsette i faste grupper med ulike faglege tema og diskusjonar.

Stabsgruppe:

Rådmann, personalsjef og leiar fellestenester og økonomisjef møter om lag tre veker i månaden

Rådmann/kommunalsjefar

Kvar veke faste møtepunkt

Personalleiargruppa

Alle leiarar med personalleiar ansvar samlast om lag ein gong i månaden for informasjonsutveksling, fagleg oppdatering og samkøyring.

Den utvida leiargruppa

Denne gruppa består av alle personalleiarane utvida med personal som kommuneoverlege, psykiatrisk sjukepleiar og musikkskulen.

Personalmøte

I tillegg kjem personalmøte for personalet tilsett på kommunehus, bibliotek og fysioterapeut. Gruppa møttest 30 minutt pr veke for utveksling av informasjon og oppdatering.

I tillegg har dei ulike leiarane sine møtepunkt med sine tilsette.

Folkevalde

Representantar i kommunestyret

Høgre:

Ordførar Stian Herøy, Otto-Andre Nordby, Paul Gunnar Gullaksen, Paul Magnar Knapskog, Silje Sulen Gullaksen.

Framstegspartiet

Varaordførar Bjørn Solbakk, Frode Hjønnvåg, Marit Solbakk Øien.

Arbeidarpartiet:

Kamilla Bjerkholt Karlsen, Hans Erik Waage, Anna Marit Storemark, Einar Villanger, Gidske Borge Kolltveit, Hans Erik Waage, Thea Koppen Blomvåagnes.

Medlemmer i formannskapet

Ordførar Stian Herøy (H), Varaordførar Bjørn Solbakk (Frp), Marit Solbakk Øien (Frp), Hans Erik Waage (Ap), Kamilla Bjerkholt Karlsen (Ap)

Ordførar har 90% og varaordførar 20% av vanleg ordførargodtgjersle.


Møte i utval og styre i 2021

Utval/styre	Tal møte	Tal saker
Formannskapet	11	125
Kommunestyret	6	103
Administrasjonsutval	0	0
Arbeidsmiljøutvalet/AMU	2	10
Eldrerådet	2	10
Kontrollutvalet	4	46
Ungdomsrådet	4	22

Interkommunal deltaking – oversyn

Fedje kommune tar del i fleire interkommunale organ.

Kontrollutvalet har utarbeidd ein rapport om eigarskapskontroll. I denne rapporten har Vestlandsrevisjon sett opp Fedje kommune sine medeigarskap i ulike samarbeidsprosjekt i regionen. Eigardelane er ikkje justert etter kommunesamanslåinga Alver.



Under her er lista opp medlemmer frå Fedje i dei største organa Fedje er med i i Nordhordland.

Region Nordhordland IKS:

Eigarane er kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal

Representantskapet består av eigarrepresentantar som kommunestyret oppnemner. Fedje har oppnemnd ...

Representantskapet vel eit uavhengig styre på tre medlemmer med to vara.

Sjølvje Regionrådet er sett saman av ordførarane med rådmennene/kommunedirektørane som har tale og forslagsrett. Leiar og nestleiar er vald mellom ordførarane.

Medlem: Ordførar Stian Herøy og Rådmann Gjermund Hagesæter.

I tillegg organiserer dei rådmannskollegiet. Det er eit samarbeidsorgan beståande av rådmennene/kommunedirektørane i medlemskommunane.

Aufera AS

Aufera AS er ei vekstbedrift eigd av Austrheim, Fedje og sidan kommunesamanslåinga, Alver. Aufera AS er organisert med eit styre og eit representantskap. I representantskapet er alle kommunane representert. Representant frå Fedje er

Medlem Torill H. Horgen og Stig Øien
Vara Einar Villanger og Otto-Andre Nordby

NGIR

Kommunane som eig NGIR er:

Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund.

Fedje sine representantar i representantskapet er:

Medlem Kristin Aase og Paul Knapskog

Vara Hans Erik Waage, Stig Øien og Janne Tangen

Representantskapet vel eit styre på 5 medlemmer pluss ein representant frå dei tilsettere. Andre vara til styret er Marit Solbakk Øien frå Fedje.

Årsmøtet Opplæringskontoret i Nordhordland

Representantar frå Fedje:

Medlem Kamilla K. Karlsen

Vara: Torill Horgen

Styret:

Vara: Dagrund Gunnarson

Dette er dei mest sentrale politiske samarbeidsorgan i regionen. I tillegg er det oppretta mange administrative, faglege samarbeidsorgan. Desse vert ikkje tatt med i denne omgang.

Økonomi

Samanstillinga av budsjett opp mot rekneskap viser fylgjande (tal i heile tusen):

	Driftsrekneskap – Ansvar	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
1000	Rådmann	10 413	9 680
1100	Kultur	1 327	1 480
2000	Levekår	1 657	2 086
2100	Fedje skule	12 277	12 580
2200	Fedje barnehage	3 545	3 318
2300	Fedje sjukeheim	20 207	17 892
2500	Legetenester	6 131	5 306
2600	Sosialtenester	2 456	2 356
3000	Teknisk kontor	3 917	3 217
3100	Kommunale bygg	6 489	5 734
3500	Avskrivningar	-4 026	-3 886
4000	Finansiering	-64 393	-59 763
	TOTALT	0	0

Ansvar 1000 Rådmann

KS OU-fond er har høgare kostnader enn budsjettet. Innan IKT og innovasjon har er det påløpt meirkostnader i samband med Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Det er også noko høgare utgifter til kontroll og revisjon etter som ny leverandør her er Vestlandsrevisjon IKS

Ansvar 1100 Kultur

Kultur har hatt eit mindreforbruk på ca 150 000 kr. Det er på grunn av til saman fleire månader med fråvær, spreidd gjennom året, der det ikkje har vore mogleg å skaffe vikar.

Ansvar 2000 Levekår, førebygging og helse

Her er brukt ca 80 % av budsjett.

Ansvar 2100 Skule

Skulen har eit samla mindreforbruk på om lag 300 000kr. Noko som utgjer 2,3% av rekneskapen for ansvarsområdet. Dette skuldast i hovudsak at vaksenopplæringa ikkje hadde elevar hausten 2021, og dermed hadde me eit halvt år utan lønsutgifter.

Ansvar 2200 Barnehage

Barnehagens budsjett har brukt vel 200 000 kr over budsjett.

Ansvar 2300 Pleie og omsorg

Meirforbruk på om lag 2,3 mill. Det er rundt 12 % i meirforbruk for ansvarsområde. Orsak til det ligg i stort sjukefråvær, låg grunnbemanning og dårleg tilgang til vikarar med mykje meirarbeid på dei fast tilsette og bruk av vikarbyrå.

Ansvar 2500 Legetenester/ny legevaktavtale

Legetenester har nytta ca 0,8 mill. kr. over budsjett. Noko skuldast innføring av ny turnus på haustparten.

Ansvar 2600 Sosiale tenester

Denne budsjettposten blir i praksis forvalta av Nav Fensfjorden. Dei er om lag i balanse med ca 100 000 over budsjett, det utgjør ca. 4%.

Ansvar 3000 Teknisk kontor

Ansvar 3000 hadde eit overforbruk på 700' kr eller 21 prosent i høve til budsjett. Vassverket hadde eit meirforbruk på 622' kr. Det vil sei at dersom utgiftene til vassverk hadde vore i samsvar med budsjett, hadde ansvar 3000 hatt eit mindreforbruk på 72' kr.

I 2021 monterte vi nye membranar. Kostnaden vart 680.000 kr. Membranbyte vart sist gjort i 2014. Kostnaden med nye membranar var ikkje med i budsjettet.

For byggesak og kart og oppmåling er inntektene i budsjett lik 220' kr. Inntekten vart 373'kr. Det er særleg inntekten frå oppmåling som er høgare enn i budsjettet.

Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg

Kommunale bygg og anlegg har eit overforbruk på 750' kr eller vel 10 %.

Største overforbruk var det på kommunale vegar med 437'. Kr 387' kan foklarast med auka utgifter til straum.

Ansvar 3500 Avskrivningar

Avskrivning betyr at ein kostnad vert fordelt over fleire år i rekneskapan. På den måten reduserer ein verdien gradvis. Dette vert gjort for kjøp av fysiske ting (eigedelar) som skal:


- Nyttast i/av kommunen.
- Har samla kostnad på over 100 000
- Har en forventa levetid på minst tre år.

Grunnen til at dette vert gjort, er for å ta høgde for at kostbare kjøp (f.eks. eit bygg, ein bil eller ein PC) tapar seg i verdi over tid. Motpost her er Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg.

ÅRSMELDING - REKNESKAP

ØKONOMISKE OVERSIKTER	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
<u>Driftsinntekter</u>		
1 Rammetilskudd	43 981	42 053
2 Inntekts- og formuesskatt	16 472	17 425
3 Eiendomsskatt	2 274	2 200
4 Andre skatteinntekter	0	0
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	2 585	1 350
6 Overføringer og tilskudd fra andre	7 255	3 238
7 Brukerbetalinger	2 643	2 386
8 Salgs- og leieinntekter	6 926	6 611
9 Sum driftsinntekter	82 137	75 263
<u>Driftsutgifter</u>		
10 Lønnsutgifter	45 284	41 089
11 Sosiale utgifter	9 885	8 345
12 Kjøp av varer og tjenester	23 522	19 947
13 Overføringer og tilskudd til andre	5 144	3 547
14 Avskrivninger	4 026	3 886
15 Sum driftsutgifter	87 861	76 814
16 Brutto driftsresultat	-5 725	-1 551
<u>Finansinntekter</u>		
17 Renteinntekter	323	400
18 Utbytter	996	550
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0
20 Renteutgifter	365	830
21 Avdrag på lån	1 418	1 445
22 Netto finansutgifter	-465	-1 325
23 Motpost avskrivninger	4 026	3 886
24 Netto driftsresultat	-2 163	1 010
	-2,6 %	1,3 %
<u>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</u>		
25 Overføring til investering	0	-1 390
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	835	330
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	1 328	50
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	0	0
28 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	2 163	-1 010
30 Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk)	0	0

<i>Resultat</i>	<i>R 2021</i>	<i>B 2021</i>	<i>R 2020</i>	<i>B 2020</i>
Brutto driftsresultat	-5 725	-1 551	4 834	-401
Netto driftsresultat	-2 163	1 010	8 042	3 113
Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	-1 678	0




Gjeldsutvikling

<i>Lån</i>	<i>Rekneskap 2021</i>	<i>Rekneskap 2020</i>
Forvaltningslån	2 597'	2 890'
Midlar for utlån	340'	340'
Ubrukte lånemidlar	641'	641'
Lånegjeld inkl. forvaltningslån	30 787'	32 499'
Lånegjeld per innbyggjar	61'	62'

Fondsutvikling

Gjeldssituasjonen er tilfredsstillande. Ingen nye låneopptak dei siste åra gjer at gjelda vår går ned. Renter og avdrag må dekkast i drifta. fyller opp fonda. Auka inntekter i 2020 gav oss anledning til å fyller opp fonda, mens me i 2021 igjen har nytta meir enn me tilfører fonda.



<i>Fond</i>	<i>R 2021</i>	<i>R 2020</i>	<i>Kommentar</i>
Bundne driftsfond	2 307	3 142	Kan berre brukast til vedtekne formål i drift
Ubundne invest.fond	5 659	6 959	Kan fritt brukast til investeringar
Bundne invest.fond	1 013	1 013	Kan berre brukast til vedtekne formål
Disposisjonsfond	7 113	8 442	Kan fritt brukast i drift og investering
TOTALT	16 092	19 556	Reduksjon på 17 %

Investeringar

<i>Bevilgningsoversikt - investeringar</i>	<i>R 2021</i>	<i>(B 2021)</i>	<i>Opphavelag B 2020</i>
1 Investeringer i varige driftsmidler	2 381	3 500	2 120
2 Tilskudd til andres investeringer	0	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	675	815	240
4 Utlån av egne midler	0	0	0
5 Avdrag på lån	293	255	255
6 Sum investeringsutgifter	3 349	4 570	2 615
7 Kompensasjon for merverdiavgift	332	700	320
8 Tilskudd fra andre	100	0	0
9 Salg av varige driftsmidler	1 510	0	0
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	106	130	130
13 Bruk av lån	0	1 000	1 000
14 Sum investeringsinntekter	2 048	1 830	1 450
15 Videreutlån	0	0	0
16 Bruk av lån til videreutlån	0	0	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	0	0	0
18 Mottatte avdrag på videreutlån	0	0	0
18 Netto utgifter videreutlån	0	0	0
20 Overføring fra drift	0	1 390	897
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne	0	0	0
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet	1 301	1 350	268
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0
24 Sum overføring fra drift og netto avsetn.	1 301	2 740	1 165
25 Fremført til inndekning i senere	0	0	0

Salg av varige driftsmidler : Dette er ei tomt i Torvhaugane, bustadtomt i Husøyna, tomt på Svena til Søsterselskapet og sal ved Uthaugundet til Kjell Samnøy.

Tiltak i 2021	Kostnader inkl. mva i rekneskaper	Kostnader inkl. mva i budsjett	Opphavelag kostnader inkl. mva i budsjett
1200 ADMINISTRASJON			
2021 Eigenkapitaltilskot KLP	210	240	
2220 SKULELOKALE			
2021 Ny leikeplass	334	250	
2021 IKT-utstyr	79	125	
2330 MILJØRETTE HELSEVERN			
2021 Kjøp av legepraksis	655	575	
2021 Nytt legekantor	693	658	
2610 INSTITUSJONSLOKALE			
2021 Vøling av tak	43	500	
2021 ØHD-sengepost	656	868	
2830 ETABLERING OG OPPRETTHALD AV EIGEN BUSTAD			
2021 Startlån	293	255	
3350 REKREASJON I TETTSTAD			
2020 Tømmestasjon for bubilar	318	200	
3530 AVLØPSNETT/INNSAMLING AV AVLØPSVATN			
2020 Pumpestasjon - Kopper	0	700	
3930 GRAVPLASSAR OG KREMATORIE			
2021 Utviding av gravplassen	69	200	

Ny leikeplass : Nye leikeapparat på skulen. Tok i bruk tidlegare asfaltert område.

Nytt legekantor : Om lag halvparten er kostnader med oppussing inklusiv fast innreiing. Resten er utstyr.

Vøling av tak : Hadde tilbod ute, men det vart for dyrt. Prøver på nytt i år med enklare løysing.

ØHD-sengepost : I røynda bygging av eit nytt bad pluss pluss. Om lag 70 % er byggekostnader. Resten er utstyr. ØHD-sengepost og eit reserve pasientrom har no eit felles bad. Reserve pasientrom hadde tidlegare ikkje bad.

Tømmestasjon for bubilar: Ferdig

Pumpestasjon Kopper : Ikkje gjennomfør pga manglande kapasitet.

Utviding av gravplassen : Konsulenthonorar. Statsforvaltaren har no godkjent utvidinga og tilbod på utvidinga vert sendt ut i 2022.

Tenester

Ansvar 1000 Rådmann

Om ansvaret samla:

På ansvarsfeltet 1000 ligg forutan rådmannen, økonomikontoret, personalsjef og fellestenestene med sørviskontoret. I tillegg kjem ansvaret inn mot interkommunale tenester som IKT Nordhordland, Vestlandsrevisjon, Regionrådet (NUI), AUFERA, Interkommunalt arkiv (IKAH) og bedriftshelsetenesta. Her ligg ansvaret for saksførebuing inn mot politiske organ. Rådmannen har og det daglege oppfølgingsansvaret inn mot heile den kommunale organisasjonen.

Om enkelte av tenestene:

Teneste 1000 politisk styring/1002 val/1003 rådvelde formannskapet/1004 prosjektgrupper/1100 kontroll og revisjon/1802 eldreråd/2311 ungdomsråd

Om tenesta:

Tenestene her dekkar fast godtgjering til ordførar (90% verv) og varaordførar (16% verv), møtegodtgjersler og andre utgifter til val, kurs, møter, samt ein pott til rådvelde for formannskapet og 50 000 kr til arbeidsgrupper nedsett av kommunestyret, som består av både folkevalde og andre medlemmar.

Arbeidsgruppene var i 2021:

Arbeidsgruppe for turløype – leiar Anna Marit Storemark

Arbeidsgruppe for marknadsføring (inkl. prøvebu) – leiar Otto-Andre Nordby

Arbeidsgruppe utbetring/ny sjukeheim – Marit Øien

Arbeidsgruppe lokalisering ungdomsklubb – leiar Thea Blomvågnes

Arbeidsgruppene vart opphavelig oppretta i kommunestyremøtet i desember 2019, men har vorte endra litt i samansetning og mål/tema etter kvart.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2021:	Status
Auka intern kompetanse på saksbehandling	
Utvikle betre rutinar for saksbehandling som skal til politisk avgjerd	

Det er gjennomført felles gjennomgang og endring av struktur budsjett og årsmelding. Det er gjeve tilbud om jamlege internopplæringskurs saksbehandlingssystem Websak+, samt e-læring på same tema. Dette er ein kontinuerleg prosess, som startar på ny kvar gong det kjem nye tilsette. Når det gjeld rutine for saksbehandling er det gjennomført LEAN-analyse og tiltak innført med nye interne fristar og rutinar.

Tenestemål 2021-2024: Mål i budsjett	Status
Nytte KS Folkevaldprogram fullt ut	*
Heve kompetansen om og bruk av politikanerane sin møteportal	

* Har framleis ein dag att, som ikkje vart nytta i 2021.

Økonomi

Alle desse tenestene har i 2021 hatt noko mindreforbruk. Kommunestyret vedtok å ikkje gje fast godtgjersle til dei folkevalde i 2021, samt at varaordførar gjekk ned frå 20% til 16% godtgjersle. Innsparing: ca. 257 000 kr. Underforbruket på teneste 1000 politisk styring viser seg no å vere ca. 200 000 kr i 2021. Dette kjem hovudsakleg frå mindreforbruk på godtgjersle til ordførar/varaordførar og sosiale utgifter knytt til desse. Noko av grunnen kan vere at nivået på godtgjersla følgjer stortingsrepresentantgodtgjersle. Den godtgjersla har stått stille sidan 2019, medan me har budsjettert med lønnsauke på linje med andre tilsette i kommunen.

Andre viktige tema

Arbeidsgruppene til kommunestyret har gjeve tilbakemelding til kommunestyret slik:

Gruppe	Orientering	Saker til behandling i K
Turløype	1 orienteringssak, 1 orientering under eventuelt	1 sak
Marknadsføring	1 orienteringssak	
Sjukeheim	2 orienteringssaker	
Ungdomsklubb	2 orinteringar under eventuelt	2 saker

Gjennomføring av stortingsvalet 2021 var som vanleg ei tidkrevjande, men artig oppgåve for sørvistorget. Spesielt krevjande var arbeidet knytt til koronaberedskap i samband med valet – her måtte me ha både A, B og C-løysingar på alle arbeidsoppgåver. Me gjorde all opplæring digitalt, noko som sparte ein del utgifter. Valgjennomføringa gjekk svært bra og vart godkjent utan merknadar/spørsmål frå fylkesvalstyre.

Teneste 1201 personalavdeling/1203 fellestenester/1204 oppfølging personalplan

Om tenesta:

Fellestenester er postmottak, arkivtenester, saksbehandlarar, møtesekretariat, innbyggjartorg/telefon, heimesider og kommunikasjon, til saman 2 årsverk frå 01.01.21, samt 0,3 årsverk nytta på kulturadministrasjon (ansvar 1100) og 0,2 årsverk på kommunikasjon. I tillegg følgjer me opp serverings- og skjenkeløyve (5% av ei stilling vert ført på teneste 2332 edruskapsvern) Personal er til saman 1 årsverk, og har ansvar for rekruttering, felles kompetanseheving, lokale forhandlingar, assistanse for leiarane i vanskelege personalsaker, sjukefråværsoppfølging, permisjonar, drøftingar tillitsvalde, utvikling av planar, rutinar og utvikling av Fedje kommune som arbeidsgjevar.

Nøkkeltal fellestenester/personal:

6644	Tal dokument inn- og utgåande som er arkivert og handtert i 2021
24	Møte i 2021, med tilhøyrande innkalling/sekretariat/etterarbeid
Ca. 120	Politiske saksutgreiingar administrasjonen til saman har skrive i 2021
54	Politiske sakutgreiingar som fellestenester har skrive i 2021 (kjem i tillegg til automatisk genererte saker, til saman 137)
54	Delegert vedtak i 2021 (i tillegg kjem administrative vedtak som ikkje er delegerte)
21	Rekrutteringssaker (på ein eller fleire stillingar) i 2021 utanom sommarjobbar

Nøkkeltal årsverk Fedje kommune:

Sektor/ eining	Ansvar	31.12.18	31.12.19	31.12.20	31.12.21	Kommentar 2021
Administrasjon	1000	6,8 (inkl. flykt)	5,1	6	6	I tillegg til desse årsverka kjem 1,06 årsverk til verva som ordførar/varaordførar.
Kultur	1100	1,25	1,15	1,2	1,2	Inkludert bibliotek
Helsetenester	2000	1,8	1,8	1,8	1,8	Inkludert helse og omsorgssjef + fysioterapeut
Skule, skulefritidsordning og vaksenopplæringa	2100	20,7	20	17,5	17,9	Inkludert 1,6 årsverk til reinhald av skule, hall og symjehall
Barnehage	2200	6,1	5,9	6	5,2	Inkludert reinhald
Pleie og omsorg	2300	21,4	22,85	23,6	23,5	Inkludert psykisk helse
Legetenesta	2500	1	1	1	1,5	Inkludert helsesekretær og reinhald
Sosialtenester	2600	0	0,5 (inkl. flykt)	0	0	Sosialtenesta ligg inne i vertskommunesamarbeidet NAV Fensfjorden.
Teknisk	3000	3,5 (inkl. reinhald)	3	3,8	4	Plan og utbyggingssjef + teknisk etat.
Kommunale bygg	3100		0,98	1	0,8	Reinhald
Samla		64,25 årsverk	62,28 årsverk	61,9 årsverk	61,9 årsverk	Fordelt på 84 tilsette

Å merke seg med denne oversikta:

- I denne oversikta har me teke vekk tilsette i permisjon. Dei er framleis tilsett i kommunen, men i dei fleste av desse stillingane går det vikar som er rekna med i årsverka (men det gjeld ikkje alle). Ei anna feilkjelde er langtidssjukemelde, der me får lønna refundert frå NAV, men i lønssystemet vil det sjå ut som me betalar ut to årsverk. Dette er forsøkt silt ut.
- Dette er eit «augneblinksbilde» - små endringar i permisjonssituasjon, vikarar mm kan gjeve stor forskjell.
- Legetenesta har fleire stillingar pga. helsesekretær og reinhaldar, som tidlegare var tilsett i privat praksis ved verksemdsoverdraging no er tilsett i kommunen. I tillegg har sjølve legeårsverket vorte utvida frå 100% til 115%.

I tillegg til desse stillingane, har med ein helsefagarbeidarlærling i 80%.

Me kjøpte tenester frå andre kommunar, blant anna innan IKT, helsesjukepleiar, ergoterapeut, barnevern, psykolog, PPT, skatteinnkrevjing, landbrukskontor og sosialkontor/kommunalt NAV.

Mål i budsjettet

Teneste 1201 personal:

Tenestemål 2021:	Status
E-læring som del av mottak nye tilsette og generell kompetanseutvikling	
Vidare styrking av fagleg kompetanse på personal – både på personalavdeling og blant personalleiarane	

Lansering av intranettsider vart gjort i januar 2022, men arbeidet vart gjort i 2021:

- Samling av elæringsressursar på ei side intranett
- Ut informasjon om dette til personalleiarar og tilsette i personalmøte
- Ny side for nye tilsette på intranett med rutinar for opplæring
- Fleire rutinar skriftleggjort og oppdatert.
- Felles opplæring i aktuelle tema i personalleiarmøte, men skulle vore meir tema knytt til personalleiarutvikling. Vart ikkje tid pga andre presserande tema.

Teneste 1203 fellestenester:

Tenestemål 2021:	Status
Prioritere tydeleg, slik at lovpålagte oppgåver vert gjort først	

Også 2021 har vore prega av mykje fråvær, og behov for tydeleg og hard prioritering. Me har jobba ein del med å heve kompetansen, samt lage malsaker og sjekklister for arbeidet med serverings- og skjenkeløyve i tillegg til dei store felles utviklingsprosjekta (sjå lenger ned).

Økonomi

Teneste 1201 har noko overforbruk på lønn, pga. sjukelønnsrefusjon som ikkje kom inn før i 2022. Elles held me oss innanfor budsjetttrammene.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Våren 2021 hadde me ei stor oppgradering av saks-/arkivsystemet til **Websak 8 og Websak+**. Dette medførte mykje arbeid og opplæring for fellestenester og arkivansvarleg, men vart ei god omlegging til eit mykje enklare grensesnitt på Websak+ for den jamne saksbehandlar i kommunen. Det nye systemet er også betre integrert med Office 365, som vart innført i same periode for alle brukarar i Fedje kommune.

Fedje kommune har vore del av eit stort fellesprosjekt i Nordhordland hausten 2021: **Samhandling 365**. Prosjektet har hatt som mål å nytte verktøya i Office 365 (som vart innført våren 21) på best mogleg måte, og då særleg Teams, Sharepoint, Yammer og Onedrive. Det har medført mykje opplæring og arbeid knytt til internkommunikasjon, arkivrutinar, nye rutinar og reglar for samhandling og opprydding i tidlegare arbeid og struktur. I januar 2022 lanserte me fruktene av samarbeidet i form av nye intranettsider, Yammer som intern kommunikasjonskanal, og nye rutinar/måtar å bruke Teams på. Det har vore svært positivt at me her får til å nytte «hyllemetervare» på programsida til vår kommunale bruk. Implementering i heile organisasjonen må ein likevel rekne å bruke minst 2022 på.

Eit større prosjekt som starta i 2021, og som ikkje er avslutta enno, er eit felles arkivprosjekt med å finne ei **felles innsynsløysing**. Alle kommunane har utfordring med datasystem som har vore i bruk tidlegare, der ein ikkje lenger kan lese dataene fordi ein ikkje lenger eig/leiger programmet. Ein må og sikre at det er lesbart om 30 år, då kanskje mange av datasystema ikkje finst lenger. Dette er eit stort prosjekt som vil innebere ekstra kostnadar for Fedje kommune, og det vil difor kome til politisk behandling når meir er klart. Sørvistorget har også vore **backup på smittesporing**, og har gjort ein del kursing i samband med det. Heldigvis fekk me berre bruk for det ein gong i 2021.

Kompetanseheving i 2021:

Kurs i Teams, Yammer, Sharepoint, kurs knytt til valgjennomføring, arkivfagleg konferanse, ansvarleg alkoholhandtering, Netpower kvalitetsstyringssystem, TISK.

Andre viktige tema

IKAH – Fedje kommune er medeigar i Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS. Dei oppbevarer vårt gamle papirarkiv i tråd med arkivlov og forskrift i dei gamle fjellhallane til Hansa, samt er ein fagleg ressurs i enkeltsaker og større prosjekt, hjelper med kompetanseheving og utvikling av arkivplan, ordning av gammalt arkiv mm. For dette betalar Fedje kommune ca. 160 000 kroner i året. Av dette er eigartilskot ca. 100 000 kr, medan resten er depotavgift for papirdepot og e-depot. Her forventar me nye årlege utgifter knytt til innsynsløysing gamle datasystem.

Medlem representantskapet IKAH: Ernst Horgen/frå mars 22: Erling Herøy

Varamedlem: Kamilla Karlsen

Skjenkekontroll - Fedje kommune har saman med dei andre kommunane i Nordhordland ein avtale med Lindås kommune om skjenkekontroll sidan 1997. Avtalen er utdatert, og samarbeidet har ikkje fungert sidan pandemien kom i 2020. Rådmannsutvalet har bedt om at det vert innhenta anbod for å saman kjøpe skjenkekontroll frå private tilbydarar. Prosessen er i gong, men tar tid.

Lærlingar – Fedje kommune har to læreplassar, men hadde i 2021 berre ein helsefagarbeidarlærling. Det er vanskeleg å finne midlar og rom for læring innan barne- og ungdomsarbeidar samstundes som me tar ned talet på årsverk i sektoren.

Arbeidsmiljø - Det overordna samarbeidet med verneomboda er godt gjennom at me lagar årleg plan for førebyggjande arbeid som me saman føl opp, samt samarbeid i Arbeidsmiljøutvalet som blant anna to gongar i året får rapport på alle meldte avvik/uønska hendingar som gjeld arbeidsmiljøet. Hovudverneombod er leiar i Arbeidsmiljøutvalet frå mai 2020 til mai 2022.

Følgjande førebyggjande tiltak er gjennomført i 2021:

- Vernerunde barnehage, sjukeheim og skule
 - Medarbeidarsamtalar i dei fleste einingar før 01.06.
 - Gjennomført førstehjelpkurs i skule/brannvern
 - Opplæring i avvikssystem i einingane, og innføring av elektronisk avvikssystem (Netpower, lansert januar 22)
 - Avklaring av rutinar for akutthjelp/first responder
 - Innkjøp av hjelpemidlar barnehage
 - Oppfølging av langvarige sjukefråvær av personalleiarar med hjelp frå personalsjef. Gjennomført 2 funksjonsvurderingar og ein arbeidsplassvurdering saman med bedriftshelseteneste.
- Ein del planlagte tiltak vart ikkje gjennomført pga. korona, bl.a. felles julebord og forflyttingskurs i pleie og omsorg.

Planlagte og iverksette tiltak for å sikre ein høg etisk standard.

Det er ei grunnfesta haldning at alle brukarar og tilsette skal bli møtte respektfullt. Det er lagt inn kontrollrutinar i rekneskap for å førebyggje misbruk. I personalsamlingar blir mellom anna dette halde høgt som ideal for å jobbe i Fedje kommune.

Teneste 1202 økonomiavdeling/1205 IKT

Om tenesta:

Økonomiavdeling i Fedje kommune består av lønsskontor, rekneskapskontor, fakturering og fakturamottak. Her er det til saman 1,8 årsverk fordelt på 2 stillingar. Dette består av 80 % stilling som økonomimedarbeidar lønn og 100 % årsverk økonomisjef. Økonomisjefen var ute i pappapermisjon frå 01.04.21 til 14.09.21. Det blei henta inn vikar for denne perioden.

Nøkkeltal økonomikontoret:

Ca 2 900	Tal på innkomne fakturaer som blei importer, skanna eller lagt inn i økonomisystemet i 2021
2 704	Tal på utsendte faktura frå økonomiavdelinga i 2021
611	Manuelle bilag vart ført i hovudbok
107	Fakturaer var det sendt ut purring/inkassovarsel på.
55	Purringar/inkassovarsel vart sendt vidare til oppfølging hjå inkassoselskapet

Frå 04.05.2020 til 02.05.2021 var fast økonomimedarbeidar i 100 % permisjon utan løn. Det er her henta inn vikar for denne perioden. Økonomimedarbeidar sa opp si stilling i desember 2020 og vikariatet blei til ei fast stilling. 18.05.21 blei ny økonomimedarbeidar langtidssjukemeldt, og det blei inngått avtale med Visma som er systemleverandør til økonomi om å yte support ved køyring av løn ein gong kvar månad fram til og med desember 2021. I perioden frå mai til desember blei det også tildelt midlertidig vikariat i 40 % av stillinga til økonomimedarbeidar. I denne tida har det teke mykje resursar frå økonomisjefstillinga inn i dagleg rutinearbeid på fakturamottak, fakturering og lønn.

Det blei frå 01.01.22 utsløyst vikariat og tilsett i stillinga som økonomimedarbeidrstillinga fram til 30.06.22. Avtalen med Visma blei forlenga fram til og med mars 2022 for opplæring av vikar.

Grunna oppgåver innan IKT er lønnsutgiftene til økonomisjefen fordelt 80 % under økonomiavdelinga og 20 % under IKT.

Styring og personalleiing av reinhaldarane i Fedje kommune er også lagt under økonomisjefen. Her er det til saman 3 årsverk fordelt på 5 stillingar. Utgiftene til reinhald vert belasta der dei heldt reint. Det vert gjort reint i 14 kommunale bygg på vekentlig basis. 4 av reinhaldarane går i turnusordning med 3 veker på og 1 veke fri.

Husbanken sin lån- og stønadsordningar som består av handsaming av søknadar om start-/etableringslån, tilretteleggingstilskot og bustønad vart delegert til koordinerande etter rullering av delegeringsreglementet i kommunestyresak 066/20 i oktober 2020. I oktober 2021 blei oppgåvene på ny lagt til økonomisjefen etter beslutning frå rådmann.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2021:	Status
Innføre bruk av e-bilag	
Få på plass mal og rutiner rundt tertialrapportering	

Økonomi

Økonomiavdelinga har eit meirforbruk på 18 % i 2021. Dette er i sterk grad knytt opp mot konsulenthjelp frå Visma ved køyring av løn.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Økonomitenesta i Fedje kommune har blitt kraftig sett tilbake i 2021. Nye ruinar og nytt personell må på plass før me kan klara å yte dei tenestene som vert forventa av kommunen.

Teneste 1205 IKT

Om tenesta:

IKT Nordhordland vart skipa i september 2011 etter ein vertskommunemodell, der Osterøy kommune er vertskommunen. Organisasjonen har ansvar for IKT-tenester til Fedje kommune og alle dei andre kommunane i Nordhordland – mellom anna brukarstøtte, teknisk drift, tryggleik, innkjøp og IKT-strategi. Pliktene organisasjonen har, er beskrivne og vert regulert gjennom ein tenesteleveringsavtale og ein datahandsamaravtale mellom IKT Nordhordland og kvar einskild kommune.

Økonomisjefen er Fedje kommune sin kontaktperson inn mot IKT Nordhordland. Oppgåvene lagt til dette gjeldt mellom anna fyrstelinje support, avtale ansvarleg for mobil, telefoni, kommunikasjon, skrivarar og generelle lisensar. Feilretting og bestilling av IKT-utstyr ligg også under oppgåvene til økonomisjefen.

I 2020 avgjorde kommunestyret at møte i formannskapet og kommunestyre skulle strøymast på nett gjennom kanalen Facebook. Dette er gratis og tilgjengeleg for alle. I 2021 vart det strøyma 13 møte direkte frå formannskaps- og kommunestyremøte. Kvar strøyming hadde kring 20-30 sjåarar i snitt. Alle ligg tilgjengeleg i opptak på Fedje kommune si heimeside.

Tenestemål 2021:

Tenestemål 2021:	Status
Leverer trygge og gode løysningar til brukarane	
Utvida samarbeidet til å gjelde fleire kommunar	

Økonomi

Samla sett har IKT-tenester hatt eit mindreforbruk på ca 9 % i 2021. Dette skuldast mellom anna at det har kome fleire kommunar inn i samarbeidet – noko som gjev fleire å fordela utgiftene på.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

IKTNH er eit solid selskap med god kompetanse på fleire områder. Dette har gjort dei attraktive for fleire kommunar enn berre oss i Nordhordland. Tenestetilbodet strekkjer seg no frå Austevoll i syd til Gulen i nord. Frå Fedje i vest til Aurland i aust.

Fokus på IKT-tryggleik har blitt eit viktigare punkt dei siste åra. Etter som fleir og fleir tenester vert digitalisert, set det krav til solide system som kan motstå angrep utanfrå. Ei eksempel på kor frykteleg galt det kan gå, ser me frå [dataangrepet på Østre Toten i 2021](#). I tida framover kjem datatryggleik og sikker pålogging til å være sentrale arbeidsområde i IKTNH.

Teneste 3250 tilrettelegging og bistand til næringslivet/ 3255 reiseliv

Om tenesta:

Det er ordførar og rådmann som har ansvar for dette feltet. Ordførar er den som først og fremst kontaktar og blir kontakta av næringslivet.

Fedje kommune er i ei endring når det gjeld næring innan turisme. Det er fleire som etter kvart har bygd opp ulike overnattingstilbod. Feddie har starta opp ulike tilbod som særleg vil merkast i sesongen 2022. Dei har si eige destinasjonsorganisering.

Mål i budsjettet

Økonomi

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Andre viktige tema

Fedje kommune har oppretta avtale med Fedje Landhandleri AS som driftar turistinformasjon for kommunen. Styreleiar der, Reidar Bøen, deltok i samlingar som Liv og Lyst o.a. på vegne av kommunen. Han har og ansvar for å hente inn dei ulike opplysningane frå dei som driv næring innan turisme om tilbod, kontaktinformasjon og eventuelle opningstider. Han samlar inn og leverer desse til kommunen.

Ansvar 1100 Kultur

Om ansvaret samla:

Kultursektoren har vore prega av mykje sjukefråvær i 2021. Difor har me også berre nytta 86% av budsjettet i 2021. Samstundes har biblioteket klart å halde fram med å utvikle seg som ein kulturarena og møteplass med mange og mangfaldige arrangement og prosjekt. Det er behov for å utvikle ei felles forståing mellom politikk og tilsette om kva Fedje kommune skal gjere og ikkje gjere på kulturfeltet. Me opplever framleis at det er svært store forskjellar på forventingane frå politikarar og innbyggjarar på den eine sida, og ressursar og kapasitet på den andre sida. Dette krev ein lengre prosess som ikkje har vore mogleg å starte på i 2021.

Me har ikkje KOSTRA-tal frå 2021 enno, men me har frå 2020:

Nøkkeltal	Fedje	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
	2020	2020	2020
Driftsutgifter kultursektoren i % av kommunen sine driftsutgifter	4,4	3,9	4
Driftsutgifter til idrett i % av kommunen sine driftsutgifter	2,3	1,1	1,4
Driftsutgifter til tiltak barn og unge i % av kommunen sine driftsutgifter	0,5	0,8	0,8
Driftsutgifter til kultursektoren per innbyggjar (kr)	5173	3027	2529
Investeringsutgifter til kultursektoren per innbyggjar (kr)	0	1518	1174
Barn 6-15 år i kommunen sin kulturskule (prosent)	32,7	21	13,6

KOSTRA-tal henta frå [Kulturtilbod \(ssb.no\)](https://www.ssb.no/kulturtilbod)

Om enkelte av tenestene:

Teneste 3700 bibliotek

Om tenesta:

Me har 50% stilling som biblioteksjef.

Nøkkeltal	Fedje	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
	2020	2020	2020
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar (antall)	4,3	2,6	2,7
Utlån pr innbyggjar	3,0	2,8	2,1

Mål i budsjettet

Tenestemål 2021:	Status
Vidareutvikla biblioteket som ein open møteplass for debatt og aktivitetar, særleg retta mot barn og unge	

Økonomi

Biblioteket har søkt om og fått midlar til fleire prosjekt, og held seg innafor budsjetttramma i 2021.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Biblioteket har i 2021 bl.a. gjennomført følgjande aktivitetar:

- Bridgekurs og bridgekveld i juni og november
- Besøk av bokbussen
- Flytande litteraturhus – eit samarbeid med kulturskule, skule og barnehage, samt Poesidigg på Landsbykafeen med profesjonelle poetar og lokale diktarar i september
- Digitalt nettarrangement for ungdom i mars og juni med høgtlesing, forfattartreff og quiz
- Lokale jazzkafe i mai
- Sommarles. Ein lesekampanje retta mot 1.-7.klasse, der Fedje vart best i Norge! 95,1% deltok – 40 barn leste 608 bøker, til saman 56 125 sider.
- Ungdom i sommarjobb på biblioteket
- Kurs i kunsttrykk ei helg i september (i samarbeid med kulturskulen)

I tillegg husar biblioteket frivillige aktivitetar som sjakk-klubb og rollespelklubb.

Andre viktige tema

Samarbeidet med dei andre sju Nordhordlandskommunane er godt. Me gjekk i 2020 inn i to samarbeidsprosjekt saman med Alver, Masfjorden og Osterøy som vart gjennomført i 2021, som resulterte i bokbuss og bokbåt i 2021. Me har eit vidare samarbeid om filmatisk formidling som vert vidareført i 2022.



1 Flytande litteraturhus og Poesidigg på Fedje september 2021

Teneste 3830 musikk- og kulturskule

Om tenesta:

Tenesta består av 40% stilling som kulturskulerektor med undervisning, samt nokre midlar til innkjøp av kurs/noko meir lærekrefter. Kulturskulen har hatt plass til 10 enkeltelevar på blås/piano, samt avtale om dirigentteneste for Fedje korps (ca 15 musikantar).

23 elevar søkte plass til opptaket hausten 21, og 10 fekk plass. 10 av søkjarane søkte om tilbod me ikkje har. Det vil seie at det var 3 på venteliste etter opptaket.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2021:	Status
Halda fram med å ha tilbod både innan musikk, scene og kunst i Fedje kulturskule	

2021 har vore særskjevande, med mange månader fråvær utan at det var mogleg å skaffe vikar. Tilbodet har vore prega av det. Hausten 2021 gjennomførte likevel nokre dedikerte foreldre i samarbeid med Studio Nor eit dansekurs ei helg med 28 deltakarar! Kulturskulen stilte med nokre midlar til dette. I tillegg gjennomførte biblioteket eit kurs i kunsttrykk, der ein av dagane var øymerka kulturskulen, som hadde 5-8 deltakarar under 18 år. I tillegg vart det gjennomført ein hyggeleg kulturskulekonsert i juni 21. Til saman har altså kulturskulen klart å gje tilbod innan musikk, kunst og dans i løpet av 2021 for til saman ca. 58 elevar/plassar, der me kan rekne med at ein del går att i fleire tilbod.

Økonomi

Kulturskulen har på grunn av fråvær utan vikar eit stort underforbruk av budsjettet, og har til saman brukt berre 50% av budsjetterte midlar.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Fast møteplass ca. annakvar måned for leiar fellestenester, bibliotek/kultur og kulturskule vart etablert i 2021, og resulterte i samarbeid om konkrete tilbod.

Leiar fellestenester starta i 2021 på Leing av Prossesar i regi av Norsk kulturskuleråd saman med kulturskulerektorar frå heile Vestland med mål om kompetanseheving og nettverksbygging for vidareutvikling av kulturskulen.



2 Glade korpsmusikantar øver til kulturskulekonsert juni 2021

Teneste 3850 andre kulturaktivitetar og tilskot til andre

Om tenesta:

30 % stilling, som stort sett arbeider med bibliotek og kommunikasjon/marknadsføring, samt noko kulturadministrasjon som utdeling av kulturmidlar og saksbehandling av diverse søknadar til kommunen på kulturfeltet.

Mål i budsjettet

Økonomi

Eit lite overforbruk på kr 15 000 pga. nokre problem med føring av sjukelønnsrefusjon.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

- Kulturmidlar delt ut i desember 2021.
- Kulturminneplanen vart trykt opp og delt ut til innbyggjarane mai 2021.

Andre viktige tema

Kulturlivet på Fedje har vore prega av pandemirestriksjonar som andre stader. Fiskefestivalen vart avlyst, og fleire andre planlagte arrangement/dansar/konsertar. Det vart heller ikkje operahelg på Fedje i 2021.

Men det vart gjennomført revy med Flausekarane sommaren 2021, samt ein del konsertar og arrangement på Fabnr8. Me har framleis ein levande rockeklubb med fleire band, to kor, to revygrupper, eit idrettslag med mange tilbod om ulik trening, og eit aktivt bedehus. På tampen av 2021 starta ungdomsklubben opp, eit populært tilbod som har vorte godt besøkt på trass av eviglange internettpblem. Fedje teaterlag kom til den digitale finalen i Vestlandsmeisterskapen i revy. Fedje hadde ein deltakar på UKM 2021, som var ei digital samling. Skulen sette opp musikalen «Rødhette og den store, stygge ulven» i april. Biblioteket har vore ein aktiv møteplass og kulturarena. Frivillige krefter arrangerte påskerebus, digital 17.mai, skummel Halloweenløype og julepynting på ferjekaia.



Halloweenfeiring på dugnad i Nordsjøløypa okt. 21

11 frivillige lag og organisasjonar fekk til saman 110 000 kr i kulturmidlar. Mykje godt har skjedd på kulturfronten i pandemitida, og det vert spennande å sjå kva som vil halde fram etter pandemien.

Bruk av dugnadsfond i 2021:

Søkjar	Dugnad	Tildeling
Fedje landhandleri v/Reidar Bøen	Oppgradering ferjeleiet	Opp til 7500 kr
Foreldregruppa Halloween v/Vidar Nordøy	Innkjøp av lys med meir	Opp til 3000 kr
Bulystgruppa		4000 kr

Ansvar 2000 [Levekår, førebygging og helse](#)

Samla om ansvaret:

Ansvarsområdet med folkehelsearbeid ligg til kommunalsjef for helse og omsorg. Ein finn nyttig informasjon i Folkehelseprofilen som ligg på FHI sine nettsider.

[Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil - FHI](#)

Ein del av tala er så små at dei er skjerma, men det er mykje interessant mellom dei opne tala. Eit litt tilfeldig utplukk på område der folkehelsa er rangert betre i Fedje enn i fylket eller landet som heilskap er m.m.

- ❑ Drikkevatt. Alle har tilgang på hygienisk og stabilt drikkevatt.
- ❑ Luftkvalitet, betre luftkvalitet på Fedje. Her kan vi vel antyda at det til tider er meir enn nok med luft på Fedje
- ❑ Innbygarane har litt mindre psykiske lidingar enn i fylket eller landet
- ❑ Det er mindre muskel og skjelett lidingar i Fedje
- ❑ I tillegg viser statistikken at valdeltakinga i Fedje er over 88%, i fylket 80 % og i landet 77 %.
- ❑ I Fedje har større del av innbygarane vidaregåande eller høgare utdanning samanlikna med fylket eller i landet. 86 % mot 82% og 80%

Om enkelte av tenestene:

Teneste 2320 førebygging – helsestasjon og skulehelseteneste

Om tenesta:

Fedje kommune kjøper helsesjukepleiarteneste frå Austrheim kommune. Helsestasjonen og skulehelsetenesta utgjer ei 40 % stilling. Frå mai 2021 fekk tenesta innvilga eit treårig tilskot gjennom helsedirektoratet til styrking og utvikling av helsestasjon og skulehelsetenesta. Midlane gjer at Fedje kommune i denne perioden vil ha helsesjukepleiar tre dagar i veka i staden for to.

Helsestasjonen gjev tenester til born 0-5 år og deira familie. Helsestasjonen har faste oppsette konsultasjonar, vaksinerer etter barnevaksinasjonsprogrammet og har oppfølging av born og føresette. Det var født to born på Fedje i 2021.

Skulehelsetenesta vaksinerer elevar, gjev helsesamtalar, støttesamtalar, undervisning på ulike klassetrinn, har oppfølging av elevar og føresette og har «open dør».

Gjennom koronaåret 2021 har tenesta vore open og operativ og i tillegg til faste konsultasjonar klart å gjennomføre oppsett etter årshjulet. På grunn av smittevern har nokre av konsultasjonane, og mange av møta vorte gjennomført digitalt. Talet på elevar og føresette som har teke kontakt har auka gjennom koronaåret 2021 samanlikna med året 2020.

I samarbeid med kommuneoverlege gjev helsesjukepleiar årleg tilbod til befolkninga på Fedje om influensavaksine og vaksine mot lungebetennelse. På grunn av covid-19 var det ekstra mange som ynskja å verta vaksinert i 2021. Det største vaksinasjonsarbeidet gjekk føre seg i Fleirbrukshallen og ekstra ressurspersonar vart med for å gjennomføre dette på ein trygg og god måte.

Helsesjukepleiar har gjennom året hatt samarbeid med kommunelege, skule og barnehage, kommunepsykolog, PPT, barnevern, fysioterapeut, flyktningkonsulent, NAV, og BUP. Gjennom året har helsesjukepleiar delteke på ressursteam for barnehage og skule og vore med på ansvarsgruppe og samarbeidsmøte kring born og unge.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2021	Status
Godt og vidareutviklande tverrfagleg samarbeid	
Rom/kontor til helsesjukepleiar på skulen	
Oppgradering av kontor og materiale på helsestasjonen	

Økonomi

Helsestasjon og skulehelsetenesta har halde seg innanfor budsjetttramma i 2021.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Fødselstalet på Fedje er lavt og talet på born og unge går ned. Det er likevel viktig at tilbodet helsestasjonen gjev er godt, nyttig, utviklande, tilgjengeleg og oppdatert. På slutten av 2021 byrja teknisk etat arbeidet med å ordne ein del av den gamle gymgarderoben på skulen om til kontor til skulehelsetenesta. Våren 2022 vil rommet stå ferdig og helsesjukepleiar vil komme nærare og vera meir synleg og tilgjengeleg for elevane. Det vil også vera gunstig å vera lokalisert nærare lærarane for eit betre samarbeid. På Fedje er avstanden kort mellom dei ulike samarbeidsinstansane og helsesjukepleiar ser positivt på å føre vidare og utvikle det tverrfagleg samarbeid som har vore internt i kommunen i 2021. Samstundes er fagmiljøet på Fedje lite og det er viktig med kompetanseheving utover kommunegrensa med moglegheit for å treffe andre som jobbar inn mot barn og unge.

Andre viktige tema

Frå januar 2021 og nokre månader fram var det jamnlege møter mellom kommuneoverlege, pleie og omsorgsleiar, fysioterapeut, sjukepleiar og helsesjukepleiar for å planlegge og oppdatere kvarandre på status rundt koronavaksineringa av befolkninga på Fedje. Kvar torsdag frå januar 2021 og til november 2021 har ein til to sjukepleiarar saman med helsesjukepleiar og i samarbeid med kommuneoverlege organisert og vaksinert innbyggjarane på Fedje med koronavaksine. Vaksineringa har gått føre seg på helsestasjonen, unntaksvis to torsdagar i fleirbrukshallen på grunn av avstandsreglar og ressursbruk. Dette har vore eit stort arbeid som har teke mykje tid og ressursar langt utover kvar torsdag. Vaksinasjonsarbeidet gjekk ei tid utover helsestasjon og skulehelsetenesta, ei teneste som har vore og skulle vera ei operativ teneste gjennom pandemien for å ta vare på sårbare grupper som akkurat born og unge er. Frå november 2021 flytta sjølve vaksineringa lokalitet frå helsestasjonen til legekontoret.



Sjukepleiar Marit Øien klar for å gje koronavaksine til fleire Fedjingar.

Teneste 2411 fysioterapi

Om tenesta:

Det er 100% stilling som fysioterapeut i Fedje kommune, kor 20% av stillinga høyrer innunder Rus og psykisk helse.

Fysioterapeut har fire timar på sjukeheimen kvar veke. Fokusområde då er behandling, trening og hjelpemiddelformidling, og dessutan rettleiing av personalet. På helsestasjonen er det kurativ verksemd innan ortopedi, revmatologi, nevrologi, palliativ behandling, barnefysioterapi og idrettsfysioterapi. I tillegg vert det gjort førebyggjande og helsefremmande arbeid som til dømes fallførebyggjande gruppe kvart år og samarbeid med helsesjukepleiar på helsestasjonen.

Fysioterapitenesta har ansvar for hjelpemiddelformidling og bistand i samband med søknad til NAV hjelpemiddelsentral om tilrettelegging av bustad. Tenesta har og tverrfagleg arbeid med lege, spesialisthelseteneste, skule, barnehage, helsestasjon, sjukeheim og heimeteneste.

Koordinerande eining er lagt til fysioterapitenesta og skal ha oversyn over personar med behov for Individuell plan (IP) for habilitering og rehabilitering, opplæring av koordinatorar og koordinering av tenester

Kommunehelsetjenester knytt til fysioterapi (antal årsverk)	Fedje 2021	Fedje pr 10000 innbyggjarar 2021	Kostragr 05 tal for 2020	Kostragr 05 pr 10000 innbyggjarar Tal for 2020	Landet pr 10000 innbyggjarar (2020)
Administrasjon	0,1	2	5	0,4	0,1
Helsestasjons - og skulehelsetjeneste	0	0	7,4	0,6	0,5
Anna forebyggjande helsearbeid	0,2	4	5,6	0,5	0,4
Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering	0,5	10	34,9	3	2,4
Helse- og omsorgstjeneste i institusjon	0,1	2	11,3	1	0,8

Tala i Kostra for 2021 var klare for Fedje, men ikkje for resten av landet, så difor er det 2020-tal her. Helsestasjon og skulehelseteneste fekk eit så lavt tal at dei ikkje kom med i statistikken, men her er 10% mellom anna delt på Covid-19-handtering og Helsestasjons- og skulehelseteneste.

Mål i budsjettet

Tenestemål for 2021	Status
Synleggjere fysioterapi som ein del av skulehelsetenesta	
Auke kompetanse på fysioterapi for born	
Synleggjere Koordinerande Eining	

Økonomi

Fysioterapitenesta hadde eit solid overskot i 2021. Dette skuldast mindreforbruk på kurs og reiseverksemd og endring i rutine for betaling av programvarelisensar. Samtidig vart det auka inntekter grunna fleire pasientbehandingar enn tidlegare og ein periode med sjukemelding.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Covid-19-pandemien har i korte periodar gjort at fysioterapeuten ikkje har gjort rutinearbeid på sjukeheimen i 2021, men fysioterapeuten har i staden kunne jobba meir med instituttverksemd og har hatt langt fleire pasientbehandingar enn i eit normalår. Det vart ikkje fallførebyggjande gruppe i 2021 grunna pandemien.

Det har vore auka kompetanse i arbeid med born.

Fysioterapeuten har starta med vidareutdanning i komplett fysikalsk lymfødembehandling.

Plan for habilitering og rehabilitering individuell plan og koordinator har ikkje blitt jobba med i 2021 i påvente av arbeidet med den overordna planen for Helse og omsorg i Fedje kommune.

Andre viktige tema

Fysioterapeuten har vore med i team rundt Covid-19-handteringa.

Kommunalt hjelpemiddellager:

Fedje kommune har eit lokalt hjelpemiddellager der det vert lånt ut hjelpemiddel til bruk for korte periodar. Der det er behov for langvarige lån av hjelpemidlar, er det ergo- og fysioterapeuten som skriv søknader til NAV hjelpemiddelsentral. Arbeid med å flytte lokalt hjelpemiddellager blei påbegynt i 2021.

Koordinerande eining (vidare KE):

KE har oversyn over dei brukarane som har individuell plan (IP) og ansvarsgrupper i kommunen. Koordinatorar brukar Sampro som elektronisk verktøy for samhandling i kommunen. KE hadde i byrjinga av året ansvar for behandling av søknader med heimel i Lov om bustøtte og kommunale bustadtilskot, som startlån, tilskot og bustøtte, men dette ansvaret ble overført til økonomi i slutten av 2021.

Ansvar 2100 Skule

Om ansvaret samla:

Skulen på Fedje er delt i fire område; grunnskulen, skulefritidsordninga, vaksenopplæringa og den kulturelle skulesekken. Til saman har vi no 16,3 årsverk knytt til skulen og skulefritidsordninga. I tillegg kjem 1,6 årsverk til reinhald av skule og symjehall.

Skuleåret 2021/2022 er det ingen elevar ved vaksenopplæringa. Det har heller ikkje vore noko aktivitet knytt til DKS grunna koronapandemien. Pandemien har og prega drifta av skulen og skulefritidsordninga. Innføringa av trafikklysmodellen og stadige endringar i råd og reglar om smittevern har kravd mykje av både elevar og tilsette.



Nye leikeapparat på skuleplassen, september

Ansvar for Pedagogisk-psykologisk teneste ligg og til skulen. Fensfjorden PPT er eit nyoppretta interkommunalt samarbeid mellom Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden, med Austrheim kommune som vertskommune. PPT omfattar tenester til born, unge og vaksne i Fedje kommune. Logopedtenesta i kommunen er knytt til PPT.

I tillegg kjem ansvaret inn mot Nordhordland Kompetanseregion. NKR er eit samarbeidsorgan for Oppvekstsektoren i Nordhordland. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Alver.

Om enkelte av tenestene:

Teneste 2020 grunnskule

Om tenesta:

Skuleåret 2021/22 har me seks aldersblanda elevgrupper i grunnskulen, med ein kontaktlærer i kvar gruppe. I 7. og 8. klasse er det to kontaktlærarar, grunna skilnaden mellom barne- og ungdomstrinnet. Det er mellom 5-12 elevar i kvar gruppe, og totalt var det 57 elevar ved skulen hausten 2021. Det er ein nedgang frå 2020/2021 då elevtalet var 60 elevar.



Politibesøk i januar, småskulen

Overgangen frå fulldelt til fådelt skule har gitt fleire positive effektar, mellom anna gode og stabile lærings- og klassemiljø. Elevane er glad for å ha fleire klassekameratar, og mange opplever samanslåinga som positivt for læringsmiljøet. For å ha kontinuitet i samansetjinga av elevgruppene er det ønskjeleg å halde på denne inndelinga framover.

Nøkkel tall	Enhet	Fedje		Landet uten Oslo	
		2021	+	2021	+
<u>Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)</u>	antall	0,0		35,3	
<u>Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)</u>	antall	171,0		144,2	
<u>Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent)</u> ¹	prosent	0,0		4,7	
<u>Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)</u>	prosent	7,0		7,9	
<u>Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)</u>	prosent	:		72,5	
<u>Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)</u>	prosent	:		68,7	
<u>Gruppestørrelse 2 (antall)</u>	antall	7,0		15,6	
<u>Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)</u>	antall	:		43,0	
<u>Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)</u>	prosent	21,8		23,0	
<u>Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr)</u>	kr	261 454,5		125 904,8	

¹ Fra og med 2010, er driftsansvar privat inkludert i indikatoren.

Kostratal grunnskulen Fedje

Det er godt å sjå at grunnskulen på Fedje no ligg på nasjonalt nivå når det gjeld prosentdelen elevar som får spesialundervisning, sjølv om tildelte timar ligg noko over gjennomsnittet. Dette er ei ønska utvikling - frå spesialundervisning til auka grad av tilpassa undervisning. Gruppestorleiken er diverre låg, noko som påverkar netto driftsutgifter til grunnskulesektoren. Samstundes ser ein at Fedje kommune satsar på grunnskulen. Det er gledeleg lesing!



Symjeopplæring ungdomsskolen, april

Mål i budsjettet

Tenestemål 2021:	Status
Fagleg: Utvikling av samanhengande årsplanar i alle fag frå 1-10.klasse.	*
Sosialt: Halde fram arbeidet med å skape eit trygt og godt læringsmiljø for elevane, med fokus på fellesskap og samarbeid.	**
Organisasjon: Bygge opp eit ressursteam som jobbar både på system- og individnivå, med å utvikle den ordinære undervisninga, spesialundervisninga og eit godt psykososialt skulemiljø for elevane.	***

* I faga norsk, engelsk og matematikk har me gjennomgåande planar frå 1-10 klasse. Det står att å oppdatere og kvalitetssikre planane i dei andre faga.



Ungdomsskolen på skitur til dagsturhytta, februar

** For Fedje skule syner resultatane frå elevundersøkinga som vart gjennomført i oktober 2021, og dei sakene me har handsama som gjeld elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø, at me og kan bli betre. Tala syner at trivselen på skulen er gått noko ned, men at tal elevar som opplever at dei vert mobba er stabilt låge. Det er få elevar som melder at dei er med på å mobbe andre. At trivselen er noko lågare dette skuleåret kan ha fleire årsaksforklaringar. Me veit at pandemien har gjort born og unge meir uroa, og dette er noko skulehelsetenesta og skulen har sett og erfart.

Dei to siste skuleåra har skulen motteke fem varsel om elevar som opplever at dei ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Varsla er komen frå elevar, lærarar og føresette. Alle sakane vart undersøkt, og i to av tilfella vart det vurdert at eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje var oppfylt.

Tiltaka som vert sett inn er både på system-, gruppe- og individnivå. Dette skuleåret har vi ein sosiallærer i 10% stilling for å jobbe med det psykososiale miljøet i elevgruppa. Stillinga er finansiert gjennom tilskot frå BUFDIR. I tillegg er det sett inn fleire timar med fagarbeidar som styrking av Replacement Training) i ei av elevgruppene våre. Tiltaka på gruppe- og individnivå er utarbeidd i samarbeid med eleven og heimen, og er tilpassa dei måla som vert sett for handlingsplanen.

*** Ressursteamet i kommunen, som er leia av rektor og styrar i barnehagen, jobbar system- og individretta på alle nivå. Dei som er med i ressursteamet er barnevernstenesta, PPT, skulehelsetenesta og kommunepsykolog. Andre fagpersonar kan verte kalla inn t.d. lege, fysioterapeut og liknande. Hausten 2021 gjennomførte me 5 møter i ressursteamet.

Økonomi

Grunnskolen har eit mindre samla overforbruk på 180 000. Utgiftene til løn for lærarar og fagarbeidarar vart høgare enn budsjettet. Dette skuldast mellom anna forseinkingar i lønsoppgeret, manglande trekk av feriepengar og arbeidsgjevaravgift i første halvdel av 2021. I tillegg så vart 1,5 fagarbeidarstillingar flytta frå barnehagen til skulen grunna bemanningsjustering. Delar av desse stillingane er knytt til grunnskolen. Utgifter til vikarar er nokolunde samsvarande med budsjettet. Nokre av lønsutgiftene må sjåast i samanheng med inntekter som frikjøp hovudtillitsvalt, studiefrikjøp, lærarspesialistordning og andre tilskot frå Statsforvaltaren.

Utgiftene til undervisningsmateriell er noko lågare enn budsjettet, medan utgiftene til lisensar er noko høgare enn budsjettet. Dette har samanheng med ei større vektlegging av digitale læremiddel. Samstundes ser me at det er vanskeleg å få tak i nye lærebøker, tilpassa nye læreplanar, på nynorsk. Difor ha planlagde innkjøp ikkje blitt gjennomført i 2021.



Mellomtrinnet på julefes, desember

Grunnskulen har søkt, og fått tildelt, fleire tilskot i 2021. Tilskot til digital heimeundervisning på 100 000,-. Noko som har finansiert Chromebøker til alle elevane i 7-10 klasse, og høyretelefonar til heile skulen. Tilskot til prosjektet «Los 2021» på til saman 800 000,- fordelt over tre år. Av dei vart 270 000,- utbetalt i 2021, noko som har finansiert at ein har kunne styrka vaksentettleiken i enkelte elevgrupper og det har finansiert ei sosiallærarstilling på 10%.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Skulen har fått tilskot til to fleirårige utviklingsarbeid dei siste åra, der det eine er «inkluderande barnehage- og skulemiljø».

Tenestemål 2021-2024	Status
I tett samarbeid med barnehagen, skal skulen oppretthalde og vidareutvikle kunnskapen vår om å førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Me skal samarbeide om å byggje eit inkluderande miljø for born og unge på Fedje	

Barnehagen og skulen samarbeider svært godt om dette målet. Me gjennomførte felles planleggingsdag i november 2021 med tema inkluderande barnehage- og skulemiljø. Vi deltok på nasjonale og regionale samlingar som gav auka kompetanse til einingsleiarane og til pedagogisk personale i både barnehagen og på skulen.

«Los for ungdom» er det andre utviklingsarbeidet vårt. Det er eit treårig prosjekt som skal vera med og hjelpe dei elevane som slit med å komme på skulen, og som dermed kan få vanskar med å gjennomføre grunnskule- og vidaregåande opplæring. Sosiallærarstillinga er ein del av dette prosjektet. I 2022 vert prosjektet utvida med ein 50%- prosjektstilling som skal vera knytt til skulen og til lokalmiljøet.

Tenestemål 2021-2024	Status
Sikre ei kontinuerleg utvikling av den einskilde tilsette sin faglege kompetanse for å skape gode resultat over tid.	

Våren 2021 var ein lærar ferdig med vidareutdanning i naturfag. Hausten 2021 byrja ein av lærarane på vidareutdanning i engelsk 2 for 5-10. trinn. I fortsetjinga treng skulen å få auka fagkompetansen i norsk for ungdomstrinnet, og innafor spesialpedagogikk. Kompetanseløftet innan spesialpedagogikk vert innført frå 2025. Gjennom Fensfjorden PPT si satsing på dette vil me kunne auka vår kompetanse innan spesialundervisning, men målet er og at me skal få ein lærar med vidareutdanning innan spesialundervisning. Rektor har gjennomført den nasjonale rektorutdanninga i løpet av 2021.

Andre viktige tema

For skulen er det svært viktig at ein får auka barnetalet i kommunen, og at ein dermed får auka elevtalet ved skulen. Vi har hatt noko tilflytting siste året, men fråflyttinga har vore større, så alt i alt er elevtalet stadig minkande.

Uteskulen på bedriftsbesøk til Bukser og Berging, november



Teneste 2130 vaksenopplæring

Om tenesta:

Vaksenopplæringa i kommunen skal tilby opplæring i norsk og samfunnsfag for minoritetsspråklege elevar og grunnskuleopplæring for vaksne. Våren 2021 tilbydde ein undervisning til fire elevar og det var knytt ei 50%- lærarstilling til vaksenopplæringa. Lokala dei nytta var i de gamle postbygget. Hausten 2021 var det ingen elevar ved vaksenopplæringa.

Økonomi

Då me ikkje har vaksenopplæring skuleåret 2021/2022 nytta ein i 2021 ikkje meir enn 50% av budsjettet. Dette er noko av årsaka til at skulen hadde eit samla mindreforbruk i 2021.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Vaksenopplæringa i Alver, Osterøy og Austrheim deltek i kompetanseheving gjennom VOKSKOMP i regi av Nordhordland kompetanseregion. Fedje deltek i dette samarbeidet når me har elevar ved vaksenopplæringa.

Teneste 2150 skulefritidsordning

Om tenesta:

Skulefritidsordninga (SFO) er eit ikkje-pedagogisk tilbod før og etter skuletid til born frå 1. til 4. klasse, og for born med spesielle behov frå 1. til 7. klasse. I den nye rammeplanen frå skulefritidsordninga heiter det:



Opning av ny leikeplass, oktober

«Barndommen har sin egenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståelse med hjemmet, ivareta barnas behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det gis rik mulighet for meningsfull fritid og lek».

SFO heldt for det meste til i skulen sine lokale, og nyttar uteareala ved skulen. Dei tilsette lagar månadsplanar med mange kjekke aktivitetar for elevane. Frå og med august -21 har det i all hovudsak vore to tilsette som jobbar på SFO, noko som skapar stabilitet og trygge rammar for elevane. Då det fleire dagar i veka har vore over tolv elevar på SFO har ein måtte auke bemanninga dei dagane til to vaksne. Elles er det ein vaksen på SFO. Elevtalet har auka frå tretten born i vårhalvåret til nitten born ved skulestart 21.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2021	Status
Sosialt: Halde fram arbeidet med å skape eit trygt og godt læringsmiljø for elevane, med fokus på fellesskap og samarbeid.	

Auka aktivitetstilbod, stabilitet i bemanninga og auka elevtal har gjort at skulefritidsordninga har god måloppnåing i 2021.

Økonomi

Grunna auka elevtal har ein i 2021 fått ei 50% auke i inntektene til SFO. Grunna auka bemanning har lønsutgiftene auka med om lag 20%. Dersom elevtalet held seg gjennom heile neste år vil foreldrebetalinga dekkje mestedelen av lønsutgiftene.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

I juni 2021 kom det ny rammeplan for skulefritidsordninga. Dei tilsette i skulen og føresette har fått ei kort innføring i denne hausten 2021, men ein må jobbe meir med å implementere planen hjå oss.

Ein vil framleis sjå på organiseringa av SFO. Me er sårbare i høve det å få kvalifiserte vikarar inn ved sjukdom, og eit nærare samarbeid med barnehagen vil kunne gje gevinst både når det gjeld kvalitet i tenesta, bemanning og økonomisk innsparing.

Ansvar 2200 Barnehage

Teneste 2010 barnehage

Om tenesta:

Barnehagen har hatt fleire bemanningstilpassingar dei siste åra, og også i 2021 måtte barnehagen gjennom ein slik prosess. Barnetala er framleis låge, men stabile, og bemanninga måtte derfor tilpassast likt som året før. Ein klarte igjen å finne frivillige mellombelse løysingar, der tilsette vart heilt og delvis overført til skule. Denne løysinga vil vare fram til august 2022.

Barnehagen har ei bemanning på 3,8 årsverk i grunnbemanninga og 0,8 årsverk styrar og barnehagefagleg ansvarleg.

Alle som har søkt om barnehageplass, har fått tilbod om plass. Krav til bemanningsnorm er at barnehagen har minst ein tilsett pr tredje barn under tre år, og ein tilsett per sjette barn over tre år. Krav til pedagognorm er at det skal vere minst ein pedagogisk leiar pr sjuande barn under tre år, og minst ein pedagogisk leiar pr 14 barn over tre år. Fedje barnehage har vore innanfor desse normene i heile 2021.



Barnehagen har to avdelingar, men samarbeider meir og meir på tvers. I 2021 starta ein også med eit tettare samarbeid med skulen, slik at dei som skal starte på skulen neste år, har t.d. vore oftare med på uteskule enn tidlegare. Kvar aldersgruppe har få barn, og ein må derfor finne gode løysingar som gjer at kvardagen blir god for alle.

Kvar avdeling har ein barnehagelærer som avdelingsleiar. Avdelingsleiaren leia det pedagogiske arbeidet, og sørgjer for at barnehagelova og rammeplanen blir oppfylt gjennom det pedagogiske arbeidet. Avdelingsleiaren planlegg, gjennomfører, dokumenterer, vurderer og utviklar arbeidet i barnegruppa. Kvar avdelingsleiar har fire timar planleggingstid i veka.

Barnehagen utarbeidar ny årsplan kvart barnehageår. Årsplanen til barnehagen byggjer på rammeplanen som er ei forskrift til barnehagelova.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2021	Status
Barnehagen skal sikre at borna får ulike kulturelle opplevingar.	*
Dei tilsette skal få ei kompetanseheving i arbeid med språkstimulerande aktivitetar i barnehagen.	**
Borna skal møte fleire organiserte aktivitetar, leia av dei tilsette, for å auke og utjamne forskjellane i aktivitetsnivået.	***

* Barnehagen hadde eit ynskje om å få besøk av bornas kulturhus og andre kulturelle innslag på Fedje. Grunna korona var ikkje dette mogleg i 2021. Borna har likevel fått oppleve ulike kulturelle opplevingar gjennom aktivitetar planlagd av dei tilsette, aktivitetsdag med «sankaren» Jostein, delteke på arrangement på biblioteket og på skulen.

** Dei tilsette har hatt kompetanseheving, meir informasjon under «tenesteutvikling og kompetanseheving».

*** Borna møter mange organiserte aktivitetar gjennom kvardagen i form av symjetilvenning ein gong i veka, turar i nærområdet og aktivitetar i hallen. Det vert også organisert aktivitetar i uteleiken for å utjamne forskjellane i aktivitetsnivået.

Økonomi

Budsjettet til barnehagen har eit samla overforbruk i 2021. Barnehagen har hatt noko høgare utgifter på lønn og overtid, men mykje er tatt frå kompetansemidlar eller fått att i andre refusjonar. Utfordringar knytt til smitteverntiltak har også ført til noko høgare vikarbruk, men dette i kortare periodar gjennom året.

Barnehagen hadde sommarstengt barnehage i 2021, og gjennom samarbeid med SFO klarte ein å gjennomføre ein god, variert og stabil sommarbarnehage utan å trenge å ta inn sommarvikarar.



Tenesteutvikling og kompetanseheving

Barnehagen avslutta kompetansehevinga innan språk og språkstimulerande aktivitetar i 2021. På bakgrunn av denne kompetansehevinga valde barnehagen å ha «språk og tekst» som satsingsområde i årsplanen for barnehageåret 2021/2022, for å implementere ny kunnskap og få nye metodar inn i barnehagekvardagen.

Saman med skulen har barnehagen motteke midlar i samband med Utdanningsforbundet sitt kompetanseutviklingstiltak «inkluderande barnehage – og skulemiljø». Dette er eit langtidsprosjekt som barnehage og skule arbeidde med i heile 2021, og vil halde fram med også i 2022.

Andre viktige tema

Barnehagen hadde ei rullering av vedtektene i 2021. Ein av dei største endringane i vedtektene var at det vart sett datoar til søknadsfristar. Det er no fire søknadsfristar for å kunne søkje om barnehageplass.

Fleire punkt vart også fjerna, av den grunn at barnehageplassen er gratis. 2021 var det første heile kalenderåret der Fedje barnehage tilbydde gratis barnehageplass. Tilbodet gjer at det er mindre som nyttar det reduserte tilbodet, og heller ynskjer å nytte full plass.

Ansvar 2300 Pleie og omsorg

Om ansvaret samla:

Området omfattar

- 22,1 årsverk fordelt på 35 tilsette
- Sjukeheim, inkludert langtids-, korttids-, avlastnings- og dagopphald, heimesjukepleie, kjøkken og vaskeri/reinhald
- Praktisk bistand i form av heimehjelp og matombringning
- Tenester til menneske med psykisk utviklingshemming (PU)
- Tenester for rus og psykisk helse
- Dagaktivitetstilbod for heimebuande demente

Tenesta skal gje eit variert pleie- og omsorgstilbod av høg kvalitet innanfor ramma av gjeldande lovverk, tilpassa den enkelte brukar sin sjukdom, behov og livssituasjon, med fokus på livskvalitet, aktivitet, trivsel, respekt og medbestemming.

Om enkelte av tenestene:

Teneste 2530 helse og omsorg i institusjon/2531 pleie og omsorg i institusjon

Om tenesta:

Sjukefråvær og dårleg tilgang på vikarar er ei stor belastning for pleie og omsorg. Belastninga med sjukefråvær vert opplevd som høg og har stege dei siste månadene. Ein del av sjukefråværet er kortvarig, men vi ser óg ein auke i langtidsfråvære. Med ei dårleg grunnbemanning må nesten alle vakter bemannast med vikar, og det skaper ekstra kostnader for tenesta. Delar av sjukefråvær skuldast koronafråvær. Langvarig sjukefråvær skuldast ofte planlagde operasjonar og muskel- og skjelettproblem.

Rekruttering har dei siste åra vore ein stor utfordring. Vi starta året med 25,4 årsverk, fordelt på 38 personar. I løpet av året har vi fleire langtidssjukmeldte (3,35 årsverk) og fleire i ulike permisjonar (2 årsverk). Vi avsluttar året med 22,1 årsverk på 35 tilsette. Det er 1,5 årsverk i permisjon, 1 årsverk som ikkje er bemanna og 1,35 årsverk er langtidssjukmeldt. Dei som manglar er fagpersonale som er vanskeleg å rekruttere. Fleire utlysingar på ulik kompetanse har ikkje ført til tilsetjing. I tillegg til at stillingar ikkje vart bemanna, var det vanskeleg å finne vikarar, seinast etter sommaren. Det gav ei stor belastning til dei faste tilsette, å bemanne alle ledige vakter. For å ta vekk litt av presset vart det bestemt å ta inn ein helsefagarbeidar frå vikarbyrå. Diverre vart vikaren sjukmeldt i november og det var ikkje mogleg for vikarbyrået å finne ein erstattar.

Tilgang til sommarvikarar er òg redusert dei siste årane. Det er få som søker og ennå færre fagfolk, og det gjer sommaravviklinga utfordrande. Sidan det er vanskeleg med vikar utanfor sommarferieperioden er det ikkje noko poeng i å trekkje ut perioden, men det krev ekstra planlegging for å ha nok fagleg tilsette. Dermed er og avviklinga ekstremt sårbar mot sjukefråvær, som i denne sommaren var ekstremt høg med 4,6 årsverk.

Tross bemanningsutfordringar gjennom året har personalet stått på og gjort sitt beste for at ting skal gå rundt. Både dei faste tilsette og vikarar har gitt alt for at brukarane og pårørande fekk gode meningsfulle dagar og fine opplevingar. Det er behov for ei endring i arbeidsmåten for å utnytte dei ressursar vi har, særleg når vi slit med å hente inn fleire fagfolk. Men arbeidet vart ikkje prioritert, sidan det ikkje var tid for meir enn det som absolutt er naudsynt.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2021	Status
Systematisk pasienttryggleiksarbeid og kvalitetsforbetring ved hjelp av tavlemøter er iversatt.	*
Mat og måltida er ein viktig del av livskvaliteten og kvardagen på sjukeheimen.	
Brukarmedverknad er ein naturleg del av forbetningsarbeid.	**

* Kvalitetsforbetring gjennom tavlemøter er eit område der vi framleis jobbar med.

** Individuell brukarmedverknad har alltid vore ein naturleg del i samarbeidet, men i 2021 vart systematisk brukarmedverknad satt i fokus og det vart utarbeidd ein spørjeundersøking som skal brukast årleg til å finne områda vi kan forbetre tenesta på.

Økonomi

Ansvarsområde 2530 administrasjon hadde eit meirforbruk på kr.47 000,- grunna meirarbeid knytt til korona og forsvarleg drift på sjukeheimen.

Ansvarsområde 2531 hadde eit forholdsvis lite meirforbruk på kr.400 000,-, men sjukeheimen og heimesjukepleie må ein sjå i samanheng fordi det er vanskeleg å føre rekneskap nøyaktig skilt frå kvarandre. Meirkostnadar under 2543 PU er direkte knytt til problemstillinga på sjukeheimen. Dårleg bemanning med vikarvanskar er tydeleg å sjå i rekneskapen. Faste lønskostnadar ligg innafor budsjett, men det er eit mykje større forbruk til innleige av vikar, blant anna for bruk av vikarbyrå. Vi har forbrukt kr 1,1 mill. meir til ferie-, sjuke- og permisjonsvikar, men òg til ekstrahjelp og overtid. I tillegg kjem kr.60 000,- for vikarbyrået og kr.36 000,- til rekruttering (stillingsannonsar) som det ikkje var budsjettert for. Samstundes har vi fått kr.570 000,- meir i sjukelønsrefusjon.

Kr.128 000,- vart brukt ekstra for vedlikehald, reparasjonar og innkjøp av nytt IT-utstyr og rulle på vaskeri. Dette var ikkje planlagte innkjøp, men naudsynte for å oppretthalde god drift.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Tross pandemi og utfordringar med bemanning har tenestene vore stabile.

Sjukepleiekompetanse er vanskeleg å rekruttere. Ein av våre helsefagarbeidar held på å etterutdanne seg til sjukepleiar og vil vera ferdig i 2023/2024. Det er óg prøvd å rekruttere fleire til å ta desentralisert sjukepleie, men det har hittil vore lite interesse.

Kompetanseplanen er delvis fullført. Planlagde kompetansehevande tiltak kunne berre delvis gjennomførast av ulike årsaker. Korona var diverre noko av grunnen, men største utfordring var bemanninga og forsvarleg drift av tenesta.

Etter at to sjukepleiar gjekk på vidareutdanning om akuttmedisinsk eldreomsorg i 2020, vart det gitt intern undervisning til alle. Utdanninga var i hovudsak om korleis vurdere observasjonar og ulike behov dei ulike tilstandar brukarane treng til ei kvar tid. Vi fekk internt berre gått gjennom den teoretiske delen, og ikkje den praktiske. Dette har vi som mål å prioritere. Vi ønskjer samstundes at fleire av sjukepleiarane fullfører utdanninga på sikt, da det er svært nyttig og god kunnskap og kompetanse for personale å gje dei som bur på sjukeheimen, eller er på korttidsopphald eller ØHD-seng.

Nokre av dei tilsette tok vidareutdanning «Musikkbasert miljøbehandling,» som omhandlar systematisk bruk av musikk og song innan eldre- og særleg demensomsorg. Det er planlagt intern undervisning for å dele lært informasjon og implementere det lærde i kvardagen.

Det var planlagt ei digital opplæring om lindrande behandling og omsorg ved livets slutt. Det vart ikkje gjennomført i 2021, då vi ikkje mogetegheit til å setje av personell og tid til undervisning. Det er usikker om vi klarer å gjennomføre kurset i 2022 grunna at det er andre kompetansetiltak som må prioriterast.

Kurs om utagerande åtfærd ved demens vart avlyst grunna dei nasjonale koronarestriksjonane, og det vart ikkje gitt alternativt med digitalt kurs. Om tilbodet kjem i 2022, vert dette kurset prioritert.

Vi fekk tilskot til aktivitetsven og besøksvert i 2020 og 2021 på til saman kr.313 000,-. Vi brukte litt tid på korleis vi kunne bruka pengane mest meningsfullt og hadde mange gode idéar. Vi ønskjer å bruke vårt uteområde meir enn det vi kan gjere i dag og jobbar med ulike planar til forbetring. Det er byrja på ei pergola og ein sansehage. Begge dei skal ferdigstillast og vidareførast i 2022. I tillegg har vi kjøpt inn ein stor dataskjerm med ein app som heiter Touch and play. Dataskjermen har vist seg allereie som fantastisk verktøy i ulike samanheng og vert brukt veldig mykje. Appen er óg veldig spennande å bruke. Vi er pilotkommune i Vestlandet om skjerm og app.

Andre viktige tema

Velferdsteknologi – Budsjett og rekneskap er i balanse. Sjølv om det er fleire ulike teknologiar på plass, er berre tryggleiksalarmen fullt implementert. Vi har starta fleire rundar med å ta i bruk både GPS-lokalisering og medisindispenser, men vi opplever manglande interesse hos brukar. I tillegg opplever vi tekniske problem som gjerne kjem som resultat av for lite bruk og dermed for lite erfaring. Det jobbast vidare med å få dei betre implementert.



Med julenisse og skodespel vart det jul.

Teneste 2543 tiltak psykisk utviklingshemma

Om tenesta:

2,09 årsverk fordelt på tre personar. I tillegg er ein sjukepleiar og tre andre tilsette frå sjukeheimen ført økonomisk under tenesta for å synleggjere dei reelle kostnadene.

Mål i budsjettet

Sjå under 2530/2531. Teneste for psykisk utviklingshemma har ingen eigenståande mål.

Økonomi

Meirforbruk på kr.470 000,- grunna feilbudsjettering av sjukepleiar med kr.180 000,- og mykje høgare kostnader for vikarar enn estimert, differanse på kr.318 000,- pluss sosiale utgifter. Høgare refusjon frå staten med kr.84 000,- utliknar dette berre til ein liten grad.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Kompetanseplan innan PU er gjennomført. «Mitt livs ABC,» vart gjennomført innan teneste for psykisk utviklingshemma og har forbetra kompetansen til dei tilsette.

Andre viktige tema

Teneste 2541 praktisk bistand/2542 heimesjukepleie

Om tenesta:

Praktisk bistand : 0,6 årsverk, men tal brukar og innvilga vedtakstimar er ikkje utfyllande. Resttida vart brukt på sjukeheimen der det var behov. Det er rom for 10-11 vedtakstimar meir.

Heimesjukepleie: Heimesjukepleie vert betjent gjennom sjukeheimspersonell. Dermed vil kvar utfordring på sjukeheimen òg delvis ramme heimesjukepleie.

Mål i budsjettet

Sjå under 2530/2531. Heimesjukepleie har ingen eigenståande mål.

Økonomi

Praktisk bistand: Mindreforbruk på kr.150 000,-, da inntekter frå matombringning er rekneskapsført her ved ein feil. Feilen skal vera retta i 2022.

Heimesjukepleie: Sjølv om heimesjukepleie har eiga budsjett/rekneskap, vil det ikkje vera mogleg å skilje mellom sjukeheim og heimesjukepleie økonomisk sett. Heimesjukepleie hadde eit meirforbruk på kr. 500 000,-, i hovudsak grunna meirutgifter med sjukepleiar og høgt sjukevikarbruk. Sjå vidare kommentar under 2530/2531. Meirutgifter på sjukepleiar skuldast ein systemfeil der det vert ført utgifter på rundt kr.270 000 til sjukepleiar under dette ansvarsområde og same beløp vert ført som inntekt under 2531 sjukeheimen. Det gir eit skeivt bilete i sin heilheit.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Sjå under 2530/2531. Ingen eigenståande kompetanseheving for heimesjukepleien.

Teneste 2341 psykisk helse/2534 dagsenter

Om tenesta:

2 årsverk fordelt på fire personar, derav 0,4 årsverk på dagaktivitetstilbod for heimebuande demente, 0,5 årsverk på ruskonsulenten og 1,1 årsverk til psykisk helse. Tenesta gir lågterskeltilbod som aktivitetsskaféen, ungdomskaféen, DropInn, småbornstreff og støttesamtalar. Brukartal er svært varierende mellom dei ulike tilbod. Per i dag er det utfordrande å finne vikarar ved ulike fråvær. Tross for koronaføringar var det mogleg å oppretthalde alle tilbod innan RUS og psykisk helse i 2021, men òg her har det vore utfordringar grunna dårleg tilgang på vikarar.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2021	Status
Tilbodet i psykisk helse vert opprettheldt.	
Brukarmedverknad er ivaretatt.	
Fedje kommune auka kompetanse innafor rusfeltet og har fokus på informasjonsarbeid.	
Dagaktivitetstilbod for heimebuande demente er godt kjend og besøkt.	*

*Tilbodet er kjent i kommunen, men likevel lite brukt. Det er mistanke om at tilbodet er svært synleg i eit lite samfunn og diagnosen demens er ekstremt stigmatiserande.

Økonomi

Ein meirforbruk på rundt kr.100 000,- grunna høgare lønskostnadar, særleg innan støttekontaktordninga. Ordninga er vanskeleg å budsjettere for, sidan dette er ei teneste som vert gitt etter brukaren sitt behov. Det vil ikkje vera mogleg å sei i forkant kor mange som vil ha behov eller kor mykje.

Det er budsjettert for inntekter gjennom matombringning. Diverre vart rekneskap feilført under 2542 praktisk bistand. Det er retta opp i for 2022.

Sjølv om dagaktivitetstilbod er oppført som eige område under 2534, er både budsjett og rekneskap ført under 2341.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

I juli byrja kommunepsykolog sitt arbeid i kommunen. Stillinga er delt med Austrheim og har ei fast 20 % stilling på Fedje. Pasientane har i hovudsak teke kontakt sjølv, men vart òg henvist frå helsesjukepleiar, lege og skule. I 2021 var det ikkje vanskeleg å gje eit fullverdig tilbod til pasientane og stillingsstorleiken vert opplevd som forsvarleg. Pasientgruppa har vore variert, med eit aldersspenn frå 10 til 80 år. Det har vore flest vaksne pasientar i aldersgruppa 20-50 år.

I haust 2020 vart da oppretta ei prosjektstilling i 50 % innafor kommunalt rusarbeid ved hjelp av tilskotsmidlar og i april starta vår ruskonsulent sitt arbeid. Stillinga vert brukt til kartlegging, informasjonsarbeid og brukarsentrert arbeid. Tilskotsordning går over fire år, med nedtrappande tilskotssum. Ruskonsulent og dagleg leiar for psykisk helse har eit godt samarbeid som kjem heile kommunen og innbyggjarane til gode.

Dagleg leiar i psykisk helse har tatt vidareutdanning i lag med nabokommunane til å vera kursleiar i førstehjelp ved sjølvmoordsførebuing. Dette er eit interkommunalt prosjekt, da det alltid må vera to kursleiar for å kunne gjennomføre godkjent kurs. Det er planlagt første kurs for Fedje, Austrheim og Modalen i april.

Gjennom Statforvaltaren vart det delt ut midlar for å førebu einsemd bland heimebuande eldre. Med midlane vart det prøvd å sette i gong ei ordning med besøksven til eldre og andre som følte seg einsame. Tanken var at dei kunne få besøk og hjelp til ulike ting frå ungdommar i kommunen. Ordninga er per i dag lite brukt.

Ansvar 2500 Legetenester

Teneste 2330/2410

Om tenesta:

Ernst Horgen, legen vår gjennom fleire år, slutta 8. oktober. Frå 01.01.2022 gjekk Fedje ut av Nordhordland Legevakt. Legevaktordninga er bygd opp med tre legar i «Nordsjøturnus.» 2 av legane har ei veke kvar i turnus. Kommuneoverlegen har to veker. Legekontoret tar imot pasientar måndag, onsdag og fredag i kvar veke. I tillegg har den legen som er i turnus ansvaret for legevakta resten av døgeret. Vi opplever at denne ordninga vert opplevd som stabil og trygg for innbyggjarane.

Mål i budsjettet

Økonomi

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Ved ny legeavtale vart tre legar tilsett i turnus. Det vert lagt opp til ei kort overlapping ved skifte mellom dei i turnus. Tida sidan den nye ordninga starta, har vore brukt til å etablere nye rutinar og fordele ansvarsområde mellom dei tre legane. Målsetjinga er å bygge opp ei robust, stabil og tillitsvekkande ordning for innbyggjarane.

Andre viktige tema

Kommunen har i løpet av hausten og vinteren, pussa opp legekontoret. Det er kjøpt inn mykje nytt utstyr til kontoret.

I tillegg har kommunen tatt over ansvaret for ei seng for øyeblikkeleg hjelp(ØHD-seng). Dette er meint som ein mellomting mellom innlegging på sjukehus og pleie heime eller på sjukeheimen. Tidlegare var dette ei interkommunal ordning etablert saman med Nordhordland Legevakt i Knarvik. No når kommunen har lege tilstades 24/7, kan dette løysast lokalt. Erfaringa er at dette er eit tilbod som har vore lite i bruk.

Ansvar 2600 Sosiale tenester

Om ansvaret samla:

Ansvar 2600 er avtaler om interkommunale tenester. Det gjeld barnevern og Nav.

Om enkelte av tenestene:

Teneste 2440/2510/2520 barnevernstenester

Fedje er i eit vertskommunesamarbeid om kjøp av barneverntenester med kommunane Alver og Austrheim. Alver er vertskommune, og barnevernkontoret ligg i helsehuset i Knarvik. Det er ulike avdelingar internt i barneverntenesta, og dei arbeidar etter spesialistmodellen. Det vil sei at det er spissa på oppgåver som gjeld nye meldingar, tiltak, fosterheim eller rettleiing. Ved behov er dei tilsette på Fedje, og har tett dialog med samarbeidspartnarar i kommunen.

Nav Fensfjorden

NAV Fensfjorden er eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen. Masfjorden kommune er vertskommune og NAV-kontoret ligg på Hosteland i Masfjorden. Det jobbar totalt 16 personar ved kontoret fordelt på 13,8 årsverk og dei yter tenester til innbyggjarane i alle 5 kommunane.

Mål i budsjettet

Målet med å etablere ei interkommunal NAV-teneste for deltakarkommunane er å styrkje kompetanse og sikre stabilitet slik at brukarane får tenester med god kvalitet. Nav Fensfjorden jobbar med kontinuerleg forbetring og brukar lean-metodikk for å sikre høg kvalitet på tenestene dei leverer.

Økonomi

Teneste 2760 kvalifiseringsordninga/2810 yting til livsopphald

NAV Fensfjorden

Teneste 2810 økonomisk sosialhjelp

NAV Fensfjorden fylgjer dei rettleiande statlege satsane for økonomisk sosialhjelp.

Tabellen viser utviklinga i satsane dei to siste åra.

	2020	2021
Einsleg	Kr. 6 250	6450
Ektepar/sambuarar	Kr. 10.450	10800
Person i bufellesskap	Kr. 5 250	5400
Barn 0-5 år	Kr. 2 750	3150
Barn 6-10 år	Kr. 3 150	3250
Barn 11-17 år	Kr. 4 100	4250

Rekneskapan syner denne utviklinga på økonomisk sosialhjelp:

	2020	2021
Yting til livsopphald		
Fedje	1.092.528	567.269

Prosjekt

NAV Fensfjorden har to prosjekt støtta med midlar frå Statsforvaltaren i Vestland.

- Prosjekt Marknadskontakt i NAV vart tildelt i mars 2019 og fram til oktober 2022. Formål er å knytte personar som mottek sosialhjelp opp mot ordinært arbeidsliv. Målgruppa er personar som mottar sosialhjelp som hovudinntekt, flyktingar som deltek i introduksjonsprogram, ungdom som sluttar på vidaregåande skule og personar som treng hjelp i overgangen soning i kriminalomsorga og over i arbeid.
- Prosjekt Ansvarleg ungdom vart tildelt i mars 2021. Formål er førebyggjande økonomisk rådgjeving for ungdom for å hindre at dei pådreg seg unødvendig gjeld. Målgruppa er ungdom frå 10. kl. og opp til 25 år. I dette prosjektet skal NAV delta i undervisning på vidaregåande skule, i ungdomsskule eller andre stader der ungdom treffest.

Kompetanseheving

NAV Fensfjorden har teke i bruk rettleiingsprogrammet «Alt det eg er». Dette er ein av dei tiltaka som er sett i verk for å få til betre brukarmøte i NAV. I tillegg har dei rettleiing for tilsette og støttar vidareutdanning i rettleiingsfaget. Tilsette ved kontoret deltek jamleg på statsforvaltaren sine nettverkssamlingar for å dele erfaring og gode idear med andre kontor i fylket. Kontoret har og tilsett som tek vidareutdanning innan økonomisk rådgjeving. I region Nordhordland legg ein opp til felles fagsnuttar kvar veke slik at alle tilsette får eit jamt påfyll med kompetanse.

Internasjonal erfaringsutveksling

I haust fekk NAV Fensfjorden besøk frå ein delegasjon på 8 personar frå Estland. Dei var ein del av eit Nordisk baltisk mobilitets program for Offentleg administrasjon. Dei hadde ein dag på besøk på Helsehuset i Knarvik der Alver kommune var vertskap. Hos NAV Fensfjorden fekk dei orientering om ungdomsarbeid i region Nordhordland og korleis ein samarbeider med næringsliv for å sikre læreplass til dei som ynskjer det. Dei fekk omvisning på helseavdelinga til Masfjorden kommune og fekk sjå korleis ein har lokalisert fleire kommunale helsetenester slik dei har gjort i Fensfjordbygg.

Karrieremesse

Saman med Gulen og Masfjorden utvikling arrangerte NAV Fensfjorden karrieremesse i Sløvåg i midten av november. Mykje optimisme å spore hos dei mange arbeidsgjevarane som stilte opp for å informere ungdom som skal velje utdanning og yrke og arbeidssøkjjarar på jakt etter ny jobb. Det er eit stort behov for arbeidskraft i vår region dei kommande åra og med totalt 19 stands og omlag 150 besøkande kan det slåast fast at karrieremessa vart særst vellukka.

Sikkerhetsarbeid

I NAV er det stort fokus på sikkerhetsarbeid. I dette arbeidet ligg både utforming av lokala og korleis ein møter dei som treng hjelp. Dei beste møta er dei som er planlagde. God samhandling med andre instansar er viktig for å gje best mogleg hjelp til dei som treng det.

Ansvar 3000 Teknisk kontor

Om tenestene:

Ansvar 3000 har følgjande tenestemråde: Administrasjon, Forsikring av alle kommunale bygg, Bustadtilskot, Handsaming av planar, byggesak og oppmåling, Landbruk, Vegar, Veglys, Brann, Oljevern, Statleg oljeverndepot, Vatn, Kloakk, Slam og Renovasjon.

Planleggar i full stilling. Teknisk sjef har 80% stilling.

Mål i budsjettet

- Kommunen leverer prøvar av bassengvatn og drikkevatt kvar månad. Alle prøver skal stetta drikkevassforskrifta og bassengforskrifta. For høgt innhald av jern i ei vassprøve av drikkevatt. Alle bakterieprøver av drikkevatt var ok.
- For barnehage, skule og sjukeheim har det vore vanleg at teknisk sjef og leiinga ved dei ulike bygga, år om anna har halde ei felles synfaring der ein har sett på vedlikehald av bygga innvendig. Felles synfaring i alle bygg var eit mål for 2021. (Oppfylt i 2019 OG 2020). Oppfylt for sjukeheim og skule i 2021.

Økonomi

Ansvar 3000 hadde eit overforbruk på 550' kr eller 17 prosent i høve til budsjett. Vassverket hadde eit meirforbruk på 622' kr. Det vil sei at dersom utgiftene til vassverk hadde vore i samsvar med budsjett, hadde ansvar 3000 hatt eit mindreforbruk på 72' kr.

For byggesak og kart og oppmåling er inntektene i budsjett lik 220' kr. Inntekta vart 373'kr. Det er særleg inntekta frå oppmåling som er høgare enn i budsjettet.

Diverse fellesutgifter :

Vi hadde to forureiningssaker som førte til utgifter for kommunen i 2021: Båten "Molly" som sakk ved kai og fyringsolje frå Norway Foods som var lagra på gnr. 169, bnr. 47 i plastkonteinerar. Samla utgifter for kommunen vart 353.000,- kr. To krav er sendt. Krava er inntektsførte, men ikkje betalte.




Bustadtilskot :

Det vart utbetalt eit tilskot på 60 000 kr til rehabilitering i 2021.

Vassverk :

I 2021 monterte vi nye membranar. Kostnaden vart 680.000 kr. Membranbyte vart sist gjort i 2014. Kostnaden med nye membranar var ikkje med i budsjettet.



Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg

Ansvar 3100 har følgjande tenestemråde: Bygg som kommunen eig, bustader som kommunen eig (29 stk), fyrvaktarbustad, helikopterplass, bade plass/grøne område, fotballbane og kommunale vegar.

Økonomi

Kommunale bygg og anlegg har eit overforbruk på 600' kr eller 10 %.

Største overforbruk var det på kommunale vegar med 437'. Kr 387' kan foklarast med auka utgifter til straum.

Straum :

Budsjettet vert vedteke på ansvarsnivå. Når administrasjonen lagar budsjettet, lagar vi eit detaljert budsjett. Samla budsjett til straum for kommunale bygg var 933' kr. Vi brukte 1320' kr eller eit overforbruk på 41 %. Om vi ser framover, er dette ein detalj. Felles for 2021 og 2022 er at halvparten av straumprisen er bunden til 34 øre år kWh. Året 2022 er siste året der halve prisen er bunden.

For 2022 er samla straumbudsjett på 1,4 mill kr. For 2022 har vi rekna ein spotpris på 86 øre og ein snittpris på 60 øre. Kommunen brukar om lag 1,2 mill kWh i året. Om spotprisen i 2023 vert 120 øre, aukar utgiftene sett i høve til budsjett for 2022 med $1,2 \text{ mill kWh} \times (120 \text{ øre} - 60 \text{ øre}) = 720.000 \text{ kr}$. Med kWh-pris på 120 øre i 2023, vert utgiftene til straum 2,21 mill kr mot 1,32 mill kr i 2021.

Kommunale vegar :

Budsjettet var på 257' kr. Vi brukte 694' kr. Eit overforbruk på 437' kr. Pengane vart nytta slik :

Brøyting/strøing	193 495 kr
Rydding av vegetasjon	25 805 kr
Rydding av vegetasjon	18 200 kr
Feiing komm vegar v/ Mesta	13 650 kr
Kantslått	13 650 kr
Kantrensk	91 695 kr
Reparasjon av Fyrsundvegen	48 557 kr
Veg ved Fabrikk nr. 8	188 650 kr
Avskrivningar	91 000 kr
Diverse	10 000 kr
	694 702 kr

Rydding av vegetasjon langs vegane og kantrensk er utgifter som ikkje vil koma att på nokre år.

Vegen fram til kontorbygget til Bukser og Berging er kommunal. Vegen har ikkje vore skikkeleg opparbeida og har lagt delvis på eigedomen til Fabrikk nr. 8. Når Samnøy Maskin laga oppstillingsplass for bubilar og kommunen bygde tømmestasjon, måtte vegen byggjast.

Større vedlikehald gjennomført i kommunale bygg i 2021 :

Arbeid med nytt kontor til helsesøster på skulen starta. Ferdig først i 2022 pga av lang leveringstid på lyddør.

Sjukeheimen : Tannklinikken vart rive og sjukeheimen fekk her to nye kontor pluss møterom. Tidlegare kontor for styrar vart pussa opp (skal nyttast til medisinrom). Strykerom og eit pasientrom fekk nytt golvbelegg.

Husøyna 25 vart grundig pussa opp (det praktiske arbeidet vart utført av ny leigetakar med familie).

Beredskap – korona. Koronarekneskap

Liste: Ansvar - Teneste - Inntekter/Utgifter - Konto

	Regn. 2021	Bud. 2021	Forbruk	Regn. 2020
<u>ALLE</u>	<u>283 025</u>	0	0	<u>-194 808</u>
<u>1000 Rådmann</u>	<u>16 635</u>	0	0	<u>26 660</u>
<u>1100 Kulturtenester</u>	0	0	0	<u>374</u>
<u>2000 Levekår</u>	<u>164 121</u>	0	0	<u>25 934</u>
<u>2100 Fedje skule</u>	<u>129 401</u>	0	0	<u>24 779</u>
<u>2200 Fedje barnehage</u>	0	0	0	<u>6 212</u>
<u>2300 Pleie og omsorg</u>	<u>187 162</u>	0	0	<u>400 617</u>
<u>2500 Legetenester</u>	<u>23 650</u>	0	0	<u>14 166</u>
<u>3000 Teknisk kontor</u>	0	0	0	<u>9 198</u>
<u>3100 Kommunale bygg og anlegg</u>	<u>12 055</u>	0	0	<u>101 253</u>
<u>4000 Finansiering</u>	<u>-250 000</u>	0	0	<u>-804 000</u>

Koronarelaterte utgifter gjekk ned frå 2020 til 2021. Største delen av det som vart utbetalt i 2021 er lønnsutbetaling i samband med vikararbeid og ekstraarbeid. Resten har stort sett gått til kjøp av utstyr. Samla brukte Fedje 283 025 kr i koronarelaterte utgifter i 2021. For pleie og omsorg er den største delen utstyr som vart kjøpt inn.

Likestilling, diskriminering og sjukefråvær

Likestilling og diskriminering

Kommunelova § 14-7 e) og f) pålegg kommunane ei rapporterings- og aktivitetsplikt rundt likestilling mellom kjønna og arbeid mot diskriminering av folk på grunnlag av kjønn, etnisitet, nasjonalt opphav, avstamning, hudfarge, språk, religion, livssyn, funksjonsevne i årsmeldinga.

Fedje kommune har særleg 3 utfordringar på dette området:

Tilgjenge	Tiltak i 2021
Ikkje tilgjenge for rullestol eller folk som er dårleg til beins på kommunehus	Ingen tiltak, men sørvistorget har flytta til universelt tilgjengeleg lokale.
Ikkje tilgjenge for rullestol på skulen	Ingen tiltak

Likestilling og arbeid	Tiltak i 2021
<p>84 personar var tilsett i Fedje kommune pr 31.12.21: 16 menn og 68 kvinner. 65% av kvinnene jobba deltid, medan 50% av mennene jobba deltid. Det vil seie at litt fleire både menn og kvinner jobba deltid i 2021 enn i 2020. Gjennomsnittleg stillingsstorleik var for begge kjønn 76%.</p> <p>Det er særleg to grunnar for deltid:</p> <p>1. I pleie og omsorg er dette heilt naudsynt for å dekke turnus og samstundes jobba 3. kvar helg. Om det å jobba annakvar helg var standard, kunne alle få så stor stilling som dei ønskte (forutsett at dei var kvalifiserte).</p> <p>2. Reinhaldsstillingane er alle deltid. Det er ein struktur me har «arva» langt tilbake i tid. Her har det vore gjort arbeid for å slå saman stillingar når dei er ledige.</p>	<p>Har rutine mot uønskt deltid. Bruk av deltid og mellombelse stillingar vert drøfta kvart år med dei hovudtillitsvalde, og aktuelle tal vert i den samanheng lagt fram.</p>
<p>Tilsette med utanlandsk bakgrunn arbeider i 11% av årsverka i kommunen.</p>	<p>Kontinuerleg tiltak: Det vert arbeidd aktivt med å likebehandla utanlandske søkjarar/søkjarar med utanlandske namn i tilsetjingsprosessar.</p>
<p>Fedje kommune tilbyr norskopplæring også til dei som ikkje har rettar til det, så lenge me har eit norskopplæringstilbod til dei som har rett på det.</p>	<p>Kontinuerleg tiltak, men ikkje tilbod hausten 21.</p>
<p>Full barnehagedekning – alle som treng det får tilbod, opptak gjennom heile året. Gratis barnehage.</p>	<p>Kontinuerleg tiltak.</p>

Kjønnsbalanse politikk	Tiltak i 2021
<p>I kommunestyret er det 60% menn og 40% kvinner frå oktober 2019.</p>	<p>Ingen tiltak</p>

Sjukefråvær


I 2021 har me hatt mykje sjukefråvær i Fedje kommune: 8,1%. Særleg er fråværet høgt på sjukeheimen, og enkelte av dei andre, mindre einingane. Skulen har derimot klart seg bra.

2021 vart igjen eit koronaår, men utan lokalt utbrot. Samstundes har terskelen for å halde seg heime når ein har hatt luftvegssymptomar nødvendigvis måtte vore lågare. Likevel utgjer koronarelatert fråvær berre 0,3 % fråvær i 2021.

Det er det lange sjukefråværet (lenger enn 57 dagar) som gjer at snittet vert så høgt i 2021, noko nokre av tenestene våre har fått merke godt. 15% av våre tilsette står for 70% av tapte dagsverk pga sjukdom – i form av tilsette med lange sjukeforløp i store stillingar. Det er ofte vanskeleg å skaffe vikar, og ein får ofte berre sjukmelding for ein månad av gongen, noko som gjer det vanskeleg å lyse ut/planlegge. Kobla med at me ofte berre er ein tilsett som har kvar oppgåve i Fedje kommune, har dette gjeve store kompetanseutfordringar i året som har gått, i fleire tenester.

Om me ser utviklinga over tid, er det bekymringsfullt at pleie og omsorg igjen er oppe på eit mykje høgare nivå av sjukefråvær enn me ønskjer. Det er vanskeleg å forutsjå kva veg trenden vil gå: Er dette eit dårleg år, eller er pleie og omsorg i ferd med å etablere seg på eit høgare sjukefråværslivå over tid? Når det gjeld «andre einingar», ser det meir ut til å vere knytt til nokre få lange fråvær i små einingar.

Oppsummert er Fedje kommune eit godt stykke frå målet om å ligge i snitt på ca. 5% sjukefråvær. No ligg snittet over tid rundt 6%, og det har det gjort sidan 2017.



REGNSKAP 2021

FEDJE KOMMUNE



INNHOOLD

ØKONOMISKE OVERSIKTER	SIDE 3
OVERSIKT BALANSE	SIDE 5
BEVILNINGSSKJEMA DRIFT OG INVESTERING	SIDE 7
HOVEDOVERSIKTER	SIDE 9
NOTER	SIDE 10



Økonomiske oversikter 2021

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	43.981.088,00	42.053.000,00	41.803.000,00	43.874.194,00
2 Inntekts- og formuesskatt	16.472.135,22	17.425.000,00	17.425.000,00	16.190.901,92
3 Eiendomsskatt	2.274.066,00	2.200.000,00	2.200.000,00	2.342.719,00
4 Andre skatteinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	2.585.160,25	1.350.000,00	1.350.000,00	5.292.167,02
6 Overføringer og tilskudd fra andre	7.255.146,43	3.238.000,00	3.238.000,00	7.837.725,17
7 Brukerbetalinger	2.642.652,13	2.386.000,00	2.316.000,00	2.592.689,83
8 Salgs- og leieinntekter	6.926.297,46	6.611.000,00	6.911.000,00	6.902.857,26
9 Sum driftsinntekter	82.136.545,49	75.263.000,00	75.243.000,00	85.033.254,20
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	45.283.555,14	41.089.000,00	40.794.000,00	43.149.076,73
11 Sosiale utgifter	9.884.547,88	8.345.000,00	10.063.000,00	9.368.233,03
12 Kjøp av varer og tjenester	23.522.235,47	19.947.000,00	18.947.000,00	19.001.803,04
13 Overføringer og tilskudd til andre	5.144.702,66	3.547.000,00	3.597.000,00	4.751.792,87
14 Avskrivninger	4.026.433,00	3.886.000,00	3.886.000,00	3.945.191,00
15 Sum driftsutgifter	87.861.474,15	76.814.000,00	77.287.000,00	80.216.096,67
16 Brutto driftsresultat	-5.724.928,66	-1.551.000,00	-2.044.000,00	4.817.157,53
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	323.176,68	400.000,00	400.000,00	361.841,24
18 Utbytter	996.017,00	550.000,00	550.000,00	759.231,00
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Renteutgifter	365.429,31	830.000,00	830.000,00	545.005,99
21 Avdrag på lån	1.418.415,00	1.445.000,00	1.445.000,00	1.314.095,00
22 Netto finansutgifter	-464.650,63	-1.325.000,00	-1.325.000,00	-738.028,75
23 Motpost avskrivninger	4.026.433,00	3.886.000,00	3.886.000,00	3.945.191,00
24 Netto driftsresultat	-2.163.146,29	1.010.000,00	517.000,00	8.024.319,78
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	0,00	-1.390.000,00	-897.000,00	-1.809.004,65
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	835.005,60	330.000,00	330.000,00	-1.871.889,44
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	1.328.140,69	50.000,00	50.000,00	-2.683.068,53
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
28 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00	-1.677.574,16
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsr	-2.163.146,29	-1.010.000,00	-517.000,00	-8.041.536,78
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00	0,00



Økonomiske oversikter 2021

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Anskaffelse og anvendelse av midler				
Anskaffelse av midler				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	82.136.545,49	75.263.000,00	75.243.000,00	85.050.471,20
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	1.941.273,75	700.000,00	320.000,00	1.254.690,67
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	1.425.656,93	2.080.000,00	2.080.000,00	1.357.170,23
Sum anskaffelse av midler	85.503.476,17	78.043.000,00	77.643.000,00	87.662.332,10
Anvendelse av midler				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	83.835.041,15	72.928.000,00	73.401.000,00	76.270.905,67
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	2.380.857,83	3.500.000,00	2.120.000,00	2.746.965,31
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	2.751.793,31	3.345.000,00	2.770.000,00	2.411.928,99
Sum anvendelse av midler	88.967.692,29	79.773.000,00	78.291.000,00	81.429.799,97
Anskaffelse - anvendelse av midler	-3.464.216,12	-1.730.000,00	-648.000,00	6.232.532,13
Endring i ubrukte lånemidler	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapspr. som påvirker AK Drift	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapspr. som påvirker AK Inv.	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i arbeidskapital	-3.464.216,12	-1.730.000,00	-648.000,00	6.232.532,13
Avsetninger og bruk av avsetninger				
Avsetninger	785.493,10	0,00	0,00	8.335.667,65
Bruk av avsetninger	2.992.952,67	1.730.000,00	648.000,00	2.103.135,52
Til avsetning senere år	1.256.756,55	0,00	0,00	0,00
Netto avsetninger	-3.464.216,12	-1.730.000,00	-648.000,00	6.232.532,13
Int. overføringer og fordelinger				
Interne inntekter mv	4.026.433,00	5.276.000,00	4.783.000,00	5.754.195,65
Interne utgifter mv	4.026.433,00	5.276.000,00	4.783.000,00	5.754.195,65
Netto interne overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Oversikt endring arbeidskapital				
	Regnskap			Regnskap i fjor
OMLØPSMIDLER				
Endring betalingsmidler	-3.478.278,17			4.815.737,92
Endring ihendehaverobl og sertifikater	0,00			0,00
Endring kortsiktige fordringer	194.830,98			916.509,45
Endring premieavvik	2.959.290,00			432.214,00
Endring aksjer og andeler	0,00			0,00
ENDRING OMLØPSMIDLER (A)	-324.157,19			6.164.461,37
KORTSIKTIG GJELD				
Endring kortsiktig gjeld (B)	-3.140.057,93			68.070,76
ENDRING ARBEIDSKAPITAL (A-B)	-3.464.215,12			6.232.532,13



Oversikt balanse 2021

	Regnskap 2021	Regnskap 2020
EIENDELER		
A. Anleggsmidler	246.842.913,24	243.274.051,66
I. Varige driftsmidler	106.610.744,72	109.541.860,89
1. Faste eiendommer og anlegg	105.000.134,94	107.940.925,91
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	1.610.609,78	1.600.934,98
II. Finansielle anleggsmidler	19.795.406,52	19.691.898,77
1. Aksjer og andeler	17.343.566,00	17.133.595,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Utlån	2.451.840,52	2.558.303,77
III. Immaterielle eiendeler	0,00	0,00
IV. Pensjonsmidler	120.436.762,00	114.040.292,00
B. Omløpsmidler	31.549.454,79	31.873.611,98
I. Bankinnskudd og kontanter	18.676.021,31	22.154.299,48
II. Finansielle omløpsmidler	0,00	0,00
1. Aksjer og andeler	0,00	0,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Sertifikater	0,00	0,00
4. Derivater	0,00	0,00
III. Kortsiktige fordringer	12.941.715,48	9.719.312,50
1. Kundefordringer	4.898.581,48	4.703.750,50
2. Andre kortsiktige fordringer	0,00	0,00
3. Premieavvik	7.974.852,00	5.015.562,00
Sum eiendeler	278.392.368,03	275.147.663,64
EGENKAPITAL OG GJELD		
C. Egenkapital	111.173.659,37	113.130.150,91
I. Egenkapital drift	9.420.411,47	11.583.557,76
1. Disposisjonsfond	7.113.304,29	8.441.444,98
2. Bundne driftsfond	2.307.107,18	3.142.112,78
3. Merforbruk i driftsregnskapet	0,00	0,00
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	0,00	0,00
II. Egenkapital investering	6.671.424,61	7.972.494,44
1. Ubundet investeringsfond	5.658.854,22	6.959.924,05
2. Bundne investeringsfond	1.012.570,39	1.012.570,39
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	0,00	0,00
III. Annen egenkapital	95.081.823,29	93.574.098,71
1. Kapitalkonto	95.571.104,09	94.063.379,51
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	-489.280,80	-489.280,80
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	0,00	0,00
D. Langsiktig gjeld	152.252.385,01	150.191.247,01
I. Lån	30.787.417,01	32.498.808,01
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	30.787.417,01	32.498.808,01
2. Obligasjonslån	0,00	0,00
3. Sertifikatlån	0,00	0,00
II. Pensjonsforpliktelse	121.464.968,00	117.692.439,00



Oversikt balanse 2021

	Regnskap 2021	Regnskap 2020
E. Kortsiktig gjeld	14.966.323,65	11.826.265,72
I. Kortsiktig gjeld	12.627.323,65	11.826.265,72
1. Leverandørgjeld	0,00	0,00
2. Likviditetslån	0,00	0,00
3. Derivater	0,00	0,00
4. Annen kortsiktig gjeld	12.627.323,65	11.826.265,72
5. Premieavvik	0,00	0,00
Sum egenkapital og gjeld	278.392.368,03	275.147.663,64
F. Memoriakonti	0,00	0,00
I. Ubrukte lånemidler	980.574,86	980.574,86
II. Andre memoriakonti	0,00	0,00
III. Motkonto for memoriakontiene	-980.574,86	-980.574,86



Bevilgnings skjema drift og investering 2021

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)				
1 Rammetilskudd	43.981.088,00	42.053.000,00	41.803.000,00	43.874.194,00
2 Inntekts- og formueskatt	16.472.135,22	17.425.000,00	17.425.000,00	16.190.901,92
3 Eiendomsskatt	2.274.066,00	2.200.000,00	2.200.000,00	2.342.719,00
4 Andre generelle driftsinntekter	2.585.160,25	1.350.000,00	1.350.000,00	5.309.384,02
5 Sum generelle driftsinntekter	65.312.449,47	63.028.000,00	62.778.000,00	67.717.198,94
6 Sum bevilgninger drift, netto	67.010.945,13	60.693.000,00	60.936.000,00	58.937.633,41
7 Avskrivninger	4.026.433,00	3.886.000,00	3.886.000,00	3.945.191,00
8 Sum netto driftsutgifter	71.037.378,13	64.579.000,00	64.822.000,00	62.882.824,41
9 Brutto driftsresultat	-5.724.928,66	-1.551.000,00	-2.044.000,00	4.834.374,53
10 Renteinntekter	323.176,68	400.000,00	400.000,00	361.841,24
11 Utbytter	996.017,00	550.000,00	550.000,00	759.231,00
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
13 Renteutgifter	365.429,31	830.000,00	830.000,00	545.005,99
14 Avdrag på lån	1.418.415,00	1.445.000,00	1.445.000,00	1.314.095,00
15 Netto finansutgifter	-464.650,63	-1.325.000,00	-1.325.000,00	-738.028,75
16 Motpost avskrivninger	4.026.433,00	3.886.000,00	3.886.000,00	3.945.191,00
17 Netto driftsresultat	-2.163.146,29	1.010.000,00	517.000,00	8.041.536,78
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
18 Overføring til investering	0,00	-1.390.000,00	-897.000,00	-1.809.004,65
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	835.005,60	330.000,00	330.000,00	-1.871.889,44
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	1.328.140,69	50.000,00	50.000,00	-2.683.068,53
21 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00	-1.677.574,16
22 Sum disponeringer eller dekning av netto drifts	-2.163.146,29	-1.010.000,00	-517.000,00	-8.041.536,78
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00	0,00



Bevilgnings skjema drift og investering 2021

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)				
1 Investeringer i varige driftsmidler	2.380.857,83	3.500.000,00	2.120.000,00	2.746.965,31
2 Tilskudd til andres investeringer	0,00	0,00	0,00	0,00
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	674.973,00	815.000,00	240.000,00	235.279,00
4 Utlån av egne midler	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Avdrag på lån	292.976,00	255.000,00	255.000,00	317.549,00
6 Sum investeringsutgifter	3.348.806,83	4.570.000,00	2.615.000,00	3.299.793,31
7 Kompensasjon for merverdiavgift	331.681,75	700.000,00	320.000,00	432.612,67
8 Tilskudd fra andre	100.000,00	0,00	0,00	408.000,00
9 Salg av varige driftsmidler	1.509.592,00	0,00	0,00	414.078,00
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
11 Utdeling fra selskaper	0,00	0,00	0,00	0,00
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	106.463,25	130.000,00	130.000,00	236.097,99
13 Bruk av lån	0,00	1.000.000,00	1.000.000,00	0,00
14 Sum investeringsinntekter	2.047.737,00	1.830.000,00	1.450.000,00	1.490.788,66
15 Videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
16 Bruk av lån til videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
17 Avdrag på lån til videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
18 Mottatte avdrag på videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
19 Netto utgifter videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Overføring fra drift	0,00	1.390.000,00	897.000,00	1.809.004,65
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfo	0,00	0,00	0,00	0,00
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investerings	1.301.069,00	1.350.000,00	268.000,00	0,00
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0,00	0,00	0,00	0,00
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	1.301.069,83	2.740.000,00	1.165.000,00	1.809.004,65
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0,00	0,00	0,00	0,00



Hovedoversikter 2021

DRIFT	Regnskap 2021	Buds(end) 2021	Budsjett 2021	Regnskap 2020
1000 Rådmann	10.413	9.680	11.008	11.083
1100 Kulturtenester	1.327	1.480	1.480	1.145
2000 Levekår	1.657	2.086	2.086	1.892
2100 Fedje skule	12.277	12.580	12.650	10.980
2200 Fedje barnehage	3.545	3.318	3.318	3.582
2300 Pleie og omsorg	20.207	17.892	17.637	18.272
2500 Legetenester	6.131	5.306	5.206	4.903
2600 Sosialtenester	2.456	2.356	2.456	2.607
3000 Teknisk kontor	3.917	3.217	2.617	2.703
3100 Kommunale bygg og anlegg	6.489	5.734	5.434	5.420
3500 Avskrivningar	-4.026	-3.886	-3.886	-3.945
4000 Finansiering	-64.393	-59.763	-60.006	-58.643
TOTALT	0	0	0	0
INVESTERING				
Ansvar: 1000 Rådmann				
120003 2020 Eigenkapitaltilskot KLP	0	0	0	235
120004 2021 Eigenkapitaltilskot KLP	210	240	240	0
222004 2020 Nytt brannvarslingsanlegg	0	0	0	617
222006 2020 Nye vindauge i klasserom D og E	0	0	0	236
222007 2021 Ny leikeplass	334	250	0	0
222008 2021 IKT-utstyr	79	125	0	0
233001 2021 Kjøp av legepraksis	655	575	520	0
233002 2021 Nytt legekantor	693	658	0	0
261005 2021 Vøling av tak	43	500	500	0
261006 2021 ØHD-sengepost	656	868	0	0
283003 2020 Startlån	0	0	0	318
283004 2021 Startlån	293	255	255	0
315004 2020 Torvhaugane	0	0	0	12
320001 2020 Ny varebil	0	0	0	584
335001 2020 Tømmestasjon for bubilar	318	200	200	75
353001 2020 Pumpestasjon - Kopper	0	700	700	0
360004 2020 Dagsturhytte	0	0	0	1.222
393002 2021 Utviding av gravplassen	69	200	200	0
Sum ansvar: 1000 Rådmann	3.349	4.570	2.615	3.300
Ansvar: 4000 Finansiering				
2220 SKULELOKALE	-100	0	0	0
2830 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETT	-106	-130	-130	-236
3150 BUSTADBYGGJING OG FYSISKE BUMILJØ	-1.510	0	0	-414
3200 KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD	0	0	0	-58
3600 NATURFORVALTNING OG FRILUFTSLIV	0	0	0	-350
8410 KOMPENSASJON FOR MEIRVERDI AVGIFT	-332	-700	-320	-433
8800 INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJON	-1.301	-3.740	-2.165	-1.809
Sum ansvar: 4000 Finansiering	-3.349	-4.570	-2.615	-3.300
TOTALT	0	0	0	0

